



Norsk kulturråd

Årsmelding



1990



Årsmelding 1990

Innhald	Side
Leiaren har ordet: Kultur og media	2
Året 1990 – hovuddrag i verksemda	3
I fokus: Tekniske og	
industrielle kulturminne	7
Fråsegner frå Norsk kulturråd	12
Utgreiingar	16
Konferansar o.l.	17
Prisvinnarar 1990	19
Disponeringa av Kulturfondet	
Hovudfordeling	20
Litteratur	21
Tidsskrift	23
Musikk	24
Biletkunst og kunsthandverk	26
Kulturvern	28
Samisk kultur	30
Barne- og ungdomskultur	32
Kulturbygg	34
Frie sceniske grupper, drift	34
Andre formål	35
Administrasjonsutgifter	36
Råd og administrasjon	
Vedtekter, retningslinjer og reglement	37
Råd og arbeidsutval	37
Utval oppnemnde av rådet	38
Kontakt med andre organ.....	40
Rådets administrasjon	40
Lister over innkjøp og løyvingar i 1990	
Innkjøpsordninga for ny norsk	
skjønnlitteratur	41
Innkjøpsordninga for nye norske barne-	
og ungdomsbøker	43
Litteratur, andre løyvingar	44
Tidsskrift	47
Musikk	47
Biletkunst og kunsthandverk	48
Kulturvern	50
Samisk kultur	52
Barne- og ungdomskultur	53
Kulturbygg	54
Frie sceniske grupper, drift	54
Andre formål	54



Leiaren har ordet:

Kultur og media

Kultur og media

På kulturområdet er det oftast slik at verknadene av trongare økonomi syner seg først på lengre sikt. Sjølv med dei innstrammingane vi har opplevd dei siste åra, er det difor framleis ein blomstrande kulturaktivitet dei fleste stader i landet.

Denne kulturelle aktiviteten og den enormt positive verknaden han har for miljøet, får dessverre etter mi meining ikkje den merksemda i media som han fortener. Eg har t.d. frå tid til anna kjent meg skuffa over at verksemda til Norsk kulturråd får så lite positiv merksemd i media. Som kjent fell rådet's verksemd i to hovudgrupper: Den eine gruppa gjeld *stønad* til kulturelle tiltak landet over (anten etter søknad eller på initiativ frå rådet sjølv). Den andre gruppa gjeld *fråsegnar* som rådet gir om ulike kulturspørsmål.

I 1990 gav vi rundt 80 millionar kroner i stønad til nær 900 prosjekt og tiltak m.v. rundt om i landet (utanom innkjøpsordningane). Dette vil seie at over halvta av søknadene vi fekk, vart innvilga. Dei einskildsummane vi her gir, har særst mykje å seie for dei personane og dei tiltaka det gjeld. Oftast er det slik at våre midlar utløyser andre offentlege midlar eller annan stønad. Dessutan har vi røynsle for at stønad frå oss verkar inspirerande på dei som arbeider med eit prosjekt. Likevel går dei fleste slike løyvingar media hus forbi, medan negative reaksjonar lett kjem i fokus.

Store oppslag blir det óg gjerne når einskilde bøker ikkje slepp gjennom innkjøpsordningane for vanleg skjønnlitteratur og for barne- og ungdomslitteratur. Det er klart at det alltid vil vere grensespørsmål, men ein bør iallfall – med sans for proporsjonar – heller gle seg over at i 1990 vart meir enn 300 bøker innkjøpte på desse to innkjøpsordningane (for tils. 42,6 mill. kroner). Den verknaden innkjøpsordningane har hatt for norsk litteratur er openberr. Dei har ikkje berre vore naudsynte for at norsk litteratur skulle overleve, men har óg gjort sitt til suksessen som norske forfattarar har hatt i utlandet dei siste åra. Særleg er det grunn til å trekkje fram dei internasjonale prisane som norsk barne- og ungdomslitteratur har fått.

Reaksjonane i media er gjerne dei same når det t.d. gjeld innkjøpa våre av norsk essayistikk. I staden for å uttrykkje glede over ei slik ordning, blir det i pressa trekt fram døme på bøker som ikkje vart innkjøpte, men som kritikarane meiner burde vore det. Motinnlegg frå vår side kan det noen gonger til og med vere vanskeleg å få inn.

Går vi over til den andre hovudgruppa av rådet's verksemd – den rådgivande – syner årsmeldinga at vi har kome med fråsegn i ein rad viktige saker. Heller ikkje her tykkjer eg rådet har fått den merksemda som hadde vore naturleg. Vi gjekk såleis klart ut mot at det på kulturområdet skal innførast generell meirverdiavgift på omsetting av tenester, slik det var framlegg om i NOU 1990:11. Då høyringsfråsegnene vart refererte i pressa, var det få eller ingen aviser som nemnde fråsegnane frå Kulturrådet.

På eige initiativ tok vi opp nedskjeringsane på dei offentlege kulturbudsjetta. Til rapporten om «Ny giv i nærmiljø og lokalsamfunn» peikte vi på det skuffande i at rapporten ikkje inneheldt ei nærare vurdering av kultur som verkemiddel i nærmiljøpolitikken. Ingen av desse fråsegnene vart i synderleg grad lagt merke til av media.

I denne siste fråsegna gjekk vi elles nærare inn på kva kulturen har å seie for lokalsamfunnet. Rådet trekte fram at ein godt utbygd kulturell infrastruktur er eit vilkår for å halde oppe eit levedyktig lokalsamfunn, og at investering i kultur gir fleire attraksjonar og opplevingar for lokalbefolkninga og styrker den lokale identiteten, sjølvtiliten og samkjensla. Utan at ein byggjer på kulturens sentrale rolle for å styrke livskvaliteten i lokalsamfunna våre, vil ein nærmiljøpolitikk vere dårleg fundamentert.

For å få fram desse samanhengane ser Norsk kulturråd ei oppgåve i å få media til å fokusere meir på den positive og avgjerande verknaden kulturen har på livskvaliteten til folk flest. Frå og med 1990 har rådet sett av ressursar til informasjons- og pressearbeid, og har merkt seg ei positiv utvikling, ikkje minst i høve til rådet sine planar for 1992 og dei oppgåvene vi meiner eit framtidig «Kulturens forsøksråd» bør ta mål av seg å løyse.

Er det eit teikn på at det i tida framover vil bli betre mediadekning av kulturen?

Året 1990 – hovuddrag i verksemda

Norsk kulturråd i utvikling

I budsjettspøknaden for 1990 viste Norsk kulturråd til at det er ein god del behov på kulturområdet som staten bør gjere noe med, og at midlar til dette med føremon kan kanalisert gjennom Norsk kulturråd. På rådets dagskonferanse 7. november 1990 om Kulturrådet og kulturen i 90-åra streka kulturministeren under at Kulturrådet må spele rolla som kulturlivets forsøksråd, med særleg plikt til å satse på det nyskapande og eksperimentelle. Rådet er samd i dette, men skal det vere i stand til å ta på seg slike utfordringar og oppgaver, må det ha friske midlar og arbeidskraft – eller avlastast for forvaltningsoppgaver det har i dag, der innkjøpsordningane for norsk skjønnlitteratur er dei mest ressurskrevjande.

Kulturrådet har i 1990 halde fram med å vurdere om ein del av arbeidsoppgåvene rådet no har, kan takast over av andre. Konkret er oppfølgingsarbeidet i saker der rådet gir tilskott til utsmykking av offentlege bygg desentralisert til dei regionale samarbeidsutvala for biletkunstnarar, kunsthandverkarar og arkitekter.

Samstundes har rådet for 1990 måtta ta over forvaltninga av Kulturdepartementets driftsstønadordning til frie sceniske grupper. Dette skjeddde motrådetts ønske. Ordninga har vist seg uventa krevjande å administrere.

Kulturfondet på same nivå


For 1990 bad Kulturrådet om ei løyving på rundt 200 mill kr, ut frå tanken om at midlar til ein del nye statlege oppgaver på kultursektoren kunne kanalisert gjennom Kulturrådet.

Stortinget løyvde 128,4 mill kr, ein auke på 13 mill frå året før, medrekna dei 11 millionane som følgde med forvaltninga av driftsstønad til frie sceniske grupper.

Av 1990-midlane gjekk bortimot 68 mill kr til innkjøpsordningar for litteratur og biletkunst, til driftsstønad for frie sceniske grupper og til utval og administrasjon. I tillegg var det frå før gitt tilsegner på til saman 18 mill kr av 1990-midlane. Det var såleis ikkje meir enn vel 42 mill kr att til fordeling på grunnlag av andre søknader.

Talet på søknader i 1990 låg berre litt over 1989-talet, medan søknadssummen samla sett auka med over 50%. Søknadene frå frie sceniske grupper sto for størstedelen av auken, men kulturbyggssøknader svara òg for ein god del.

Generelt merkar rådet at det er stadig vanskelegare for søkjarane å skaffe seg nok lokal finansiering til prosjekta sine. Dette kan føre til at dei søker Kulturrådet om ein større del av kostnadene enn før. Men ettersom lokal finansiering som oftast er eit vilkår for at rådet gir tilskott, kan det òg vere at mange heilt enkelt ikkje sender noen søknad til Kulturrådet.



Fråsegner og utgreingar

Kulturrådet har to hovudoppgåver – å forvalte Kulturfondet og å vere eit rådgivande organ. Som ei følgje av det siste gir rådet også fråsegner på eige initiativ og sett i gang utgreingar som rådet meiner det er behov for. Rådet ser dette som ein viktig måte å følgje opp § 2 i vedtektene, der det heiter at rådet skal stimulere skapande åndsliv, verne den norske kulturarven og arbeide for at flest mogleg skal få del i kulturgoda.

I 1990 har rådet arbeidd vidare med kva rolle Kulturrådet skal ha i 90-åras kunst- og kulturliv. Eitt utgangspunkt var framlegga frå ei gruppe i Kulturdepartementet om å legge ei rad faste forvaltningsoppgåver til Kulturrådet. Rådet har gått imot dette i fråsegner både i 1989 og 1990.

Konferansen som Kulturrådet arrangerte i november 1990, gav – som nemnt over – heilt andre perspektiv på Kulturrådets rolle framover.

Av saker rådet har utført seg om, kan elles nemnast framlegget i NOU 1990:11 om generell meirverdiavgift på omsetting av tenester, der rådet gjekk inn på ei rad verknader av ei slik avgift og rådde frå ei generell utviding av meirverdiavgifta til også å femne om kulturtenester. Rådet gav òg ei utførleg fråsegn om rapporten «Ny giv i nærmiljø og lokalsamfunn» frå Statens nærmiljøutvalg. Her peikte rådet på det overraskande og uheldige i at kulturen i det heile ikkje er nemnt som verkemiddel i nærmiljøpolitikken.

To utgreingar som rådet fekk laga i 1990 – ei om amatørkultur og ei om innvandrarar – tar for seg sentrale omgrep på områda og gir ei innleiande drøfting av ansvars- og arbeidsde-

ling mellom ulike offentlege nivå, særleg i høve til rådets eiga rolle på desse områda. Vidare har Kulturrådet saman med Grunnskolerådet latt ei arbeidsgruppe lage ein handlingsplan for dei estetiske fagas plass i skolen. Planen skal i første omgang drøftast på ein konferanse i april 1991.

Elles vedtok rådet i 1990 å sette i gang ei utgreiing om kunstformidling i distrikta, også sett i lys av nye samarbeidsformer mellom dei ulike kunstartane.

Nye satsingsområde

Rådet har i 1990 sett i gang satsingar på fleire felt som ligg utanfor dei tradisjonelle områda for kulturrådsstønad. Det blir her i stor grad nytta tidsavgrensa engasjementsstillingar.

- Eit fireårig prosjekt om kulturstatistikk starta opp hausten 1990, i samarbeid med Statistisk sentralbyrå og fleire andre aktuelle instansar. Det skal leggast vekt på kulturpolitisk relevant og aktuell statistikk, og vidare skal det skaffast fram statistisk materiale om verksemda til Kulturrådet og anna aktuell statistikk som rådet sjølv har behov for. Prosjektet byggjer på ei kartlegging av behovet for statistikk på kulturområdet som Kulturrådet fekk utført i 1986–88.

I 1990 vedtok rådet òg å nytte ei engasjementsstilling i ein fireårsperiode til ein spesialinnsats innanfor området «kultur og reiseliv» med sikte på å få i gang eit varig samarbeid mellom kultursektoren og reiselivssektoren nasjonalt, fylkeskommunalt, regionalt og lokalt. Vidare vedtok rådet å nytte ei halv stilling til arbeid med å bevare bedriftshistoriske arkiv. Desse to prosjekta startar først opp i 1991.

Litteratur

I budsjettøknaden for 1990 hadde rådet bede om midlar til å starte opp ei selektiv innkjøpsordning for omsett skjønnlitteratur. Dette fekk rådet, og ordninga kom i gang i 1990 som ei treårig prøveordning. Ei innkjøpsordning for teikneseriar var òg planlagt, men etter nærmare utgreiing i startfasen vart det i staden ei prøveordning med produksjonsstønad til nye, norske teikneseriar.

Nytt av året var òg at litteratur av innvandrarforfattarar kom inn under innkjøpsordningane for norsk skjønnlitteratur på same vilkår som samisk litteratur – nyskrevne bøker av innvandrarar som bur fast i Noreg blir rekna som norske utgivingar når dei kjem ut i norsk omsetting.

Musikk

Frå 1990 tok Norsk Musikkinformasjon over administreringa av innkjøpsordninga for plater, kassetar og kompaktplater. Musikkavsettinga gjekk difor noe ned. Av nye prosjekt i 1990 kan nemnast to større musikkteknologiprojekt: Bergen off. bibliotek fekk tilskott til å utarbeide databasert registrerings- og gjenfinningssystem for digital presentasjon av Edvard Griegs originalmaterieell. Og rådet gav tilskott til etablering av eit nasjonalt musikkteknologisk senter i samarbeid med m.a. Universitetet i Oslo og NAVF.

Billetkunst og kunsthåndverk

I budsjettøknaden for 1990 minte rådet om at Stortingets Kyrkje- og undervisningskomite har ønskt at meir av det statlege ansvaret for utsmykkingsaker blir samla under Utsmykkingsfondet. Rådet prioriterte i 1990 utsmykking av kommunale bygg og andre tiltak til fremme av

kunstnarleg utsmykking enn tilskott til bygg, t.d. etablering av verkstader for arbeid i stort format. Fylkeskommunale bygg og eldre statsbygg vart nedprioriterte. Vidare

desentraliserte rådet godkjenning av utsmykkingsplanar og anna fagleg oppfølgingsarbeid med utsmykkings-saker til dei regionale samarbeidsutvala for utsmykking (RSU).

Elles gav rådet stønad til eit utgreiingsutval for kunstnarleg fotografi og peikte ut ein representant til utvalet. Utvalet skal m.a. vurdere om kunstnarleg fotografi kan innpassast i eksisterande musé som eiga avdeling, eller om det bør skipast eit eige musé for kunstnarleg fotografi. Innhald, struktur, økonomi og arealbehov for ei slik samling skal òg vurderast. Forbundet Frie Fotografar administrerer utvalsarbeidet.

Kulturvern

Stortinget har vedtatt å dele kulturminnevernet på to departement, med Miljøverndepartementet som ansvarleg for bygningsvern og faste tekniske kulturminne, og Kulturdepartementet som ansvarleg for sjølve museumsarbeidet. Rådets avsetning til verneverdige bygg og anlegg er difor trappa ned frå 1989, med unntak for tekniske kulturminne, der rådet ønskte å føre spesialsatsinga si vidare ut 1990, slik at Riksantikvaren var budd på å ta over frå 1991.

Som ei ekstraordinær satsing løyvde rådet 2,5 mill kr til etablering av industrimuseum i Halden, med dokumentasjon av verksemdar som skofabrikasjon, sagbruksindustri og den tidlegare så viktige steinindustrien i distriktet.

«Tugt» heiter verket som 13 bilethoggarar frå fem nasjonar reiste i Seljord i Telemark sommaren 1990. Ein kollektiv skulptur med utgangspunkt i lokal marmor (Foto: Jacques Hvistendahl/Dagbladet).



Samisk kultur

Rådet har ved fleire høve tatt til orde for ei opptrapping av avsettinga til samisk kultur mot eit nivå som er i tråd med framlegga i NOU 1987:34 om samisk kultur og utdanning. Dette ikkje minst med tanke på at Sametinget snart kan komme til å overta ansvaret for statleg stønad til samisk kultur. Rådet ønskte å auke avsettinga med 1–2 mill kr i 1990. Ut frå avsettinga Kulturfondet fekk for 1990, måtte rådet nøye seg med å auke løyvingane til samiske kulturformål med om lag ein halv million.

I 1990 auka så talet på søknader og samla søknadssum på samisk kultur så mykje at rådet ved utgangen av året hadde gitt tilsegner på over ein million av 1991-midlane.

Barne- og ungdomskultur

Barne- og ungdomskultur er eit prioritert område i Kulturrådet, og rådet bad difor i budsjettøknaden for 1990 om tilleggsmidlar til eit forsøk med fast teater for barn, eventuelt midlar til forprosjektering. Avsettinga for 1990 gav ikkje rom for dette. Rådet konsentrerte seg om vidareføring av dei prøveprosjekta som var i gang. For prosjekta «Prøv selv» og «Journalistikk for barn» var 1990 tredje og siste prøveåret. Det same galdt «Ungdommens kulturmonstring», men her vedtok rådet å støtte ei fjerde monstring i 1991 – «Kultur på tvers» – så Kulturdepartementet fekk organisert ei vidareføring på anna hald frå 1992.

Kulturbygg

I fleire år har budsjettøknadene frå rådet streka under at det er store behov rundt om i landet på området «spesielle kulturbygg» – den delen av dei statlege stønadsordningane til

kulturbygg som er lagt til rådet. Sjølv har rådet ikkje greidd å sette av meir enn rundt 10 mill kr året i den seinare tida, sett opp mot søknadssummar på 50–100 mill kr. For 1990 bad rådet difor om ein monaleg auke til dette – dersom det framleis skal vere Norsk kulturråd som har ansvaret for denne stønadsordninga. Då ein slik auke ikkje kom, gjekk heile kulturbyggposten i 1990 med til å dekkje opp tilsegner frå tidlegare år – ingen nye søknader vart innvilga.

Frie sceniske grupper

Kulturdepartementets stønadsordning for driftstilskott til dei frie sceniske gruppene vart overført til rådet frå 1990, mot rådets ønske. Rådet har lagt om fordelinga i retning av at no færre grupper får noe større tilskott, og har opna for at grupper kan få stønad for tre år under eitt, ikkje berre for eitt år om gongen. Rådet legg vekt på å gi stønad til dei eksperimentelle produksjonane.

Andre formål

Rådet har i fleire år arbeidd med å auke denne avsettinga – det er den som gir rådet handlingsfriheit til eigne initiativ, og det er også her det skal vere rom for tiltak som går på tvers av eller fell utanfor fagområda som har egne avsetningar. På grunn av søknadsmassen innan desse fagområda måtte rådet tvert imot skjere ned på posten «Andre formål» i 1990.

Av større satsingar over «Andre formål» kan nemnast 1,3 mill kr til oppstarting av treårig prøveprosjekt med dokketeaterutdanning i Fredrikstad og driftstilskottførste året. Vidare gav rådet 1,2 mill til nytt sceneteknisk utstyr til Jazzfestivalen i Molde.



I fokus: Tekniske og industrielle kulturminne

Av Torleif Lindtveit

Utval for teknisk og industrielt kulturvern

I 1984 oppnemnde Norsk kulturråd eit utval for teknisk og industrielt kulturvern. Bakgrunnen for oppnemninga av utvalet var at det kom stadig fleire søknader til Kulturrådet om midlar til bevaring/restaurering av tekniske kulturminne av ulik art.

Søknadene kom frå alle kantar av landet, og det var ei vanskeleg oppgåve å vurdere dei einiskilde søknadene mot kvarandre. Rett nok hadde Norsk Teknisk Museum og Riksantikvaren gjennom ei tid registrert slike minne, men dette var meir tilfeldig. Kulturrådet såg det som særst viktig at også den delen av kulturarven som teknikk og industri representerer, kunne bevarast for ettertida, og ønskte å prioritere dette i ein periode.

Innstillinga frå utvalet låg føre i 1988. For å følge opp arbeidet heldt ein del av utvalsmedlemmene, supplert med noen nye, fram som eit sakkundig utval i 1989 og -90. Dette siste utvalet fekk i hovudoppgåve å arbeide med å sette ut i livet ein del av dei framlegga som utgreifingsutvalet hadde komme med.

Litt historikk

Norsk Teknisk Museum starta registrering og til dels oppmåling av ein del anlegg i 1943. Den første fredninga av eit teknisk kulturminne kom i 1960. Det var Neverdal Kobbersmeltehytte i Nåverdalen i Sør-Trøndelag, som vart driven noen år frå 1867. Av tidlege bevaringsprosjekt kan òg nemnast Nes Jernverk i Aust-Agder, Feiring Jernverk i Akershus, Molstadkvern Mølle i

Oppland og Stekkasaga i Tørvikbygd i Hordaland.

Det er stor variasjon i omfanget og kostnadene for bevaringsprosjekta. Sjølv om t.d. Nes Jernverk var mellom dei første bevaringsprosjekta, er restaureringsarbeidet der på langt nær ferdig. Det trengst òg kontinuerleg vedlikehald av anlegga.

I 1969 sette Norsk Teknisk Museum i gang ei førebels registrering i noen fylke på Austlandet, med økonomisk stønad frå Riksantikvaren. Dels skulle tidlegare registrerte anlegg vitjast på nytt for å finne ut kva stand dei var i no, og dels skulle det gjerast nyregistreringar. Av økonomiske og kapasitetsmessige grunnar fekk registreringsarbeidet eit avgrensa omfang. Konservator Gunnar Thuesen skriv i Voknd 1970: « Dette er imidlertid bare en begynnelse. Registreringen må dekke hele landet før man kan få en fullstendig oversikt over hva som er igjen av minnesmerker ».

Ei meir tilfeldig registrering heldt fram utover i 1970-åra, men noen landsomfemnande registrering kom ikkje i gang, med unntak for møller. Gjennom eit samarbeid mellom Statens Kornforretning, Riksantikvaren og Norsk Teknisk Museum vart det registrert om lag 1100 mølleanlegg.

Oppgaver

Kulturrådets utval fekk difor ei rad oppgaver: Det skulle

1. gi ei oversikt over arbeidet som allereie var gjort eller sett i gang,
2. gjere ei landsomfemnande registrering over kva utvalet rekna som verneverdige tekniske og industrielle anlegg.

Løkken verk, eit av industriminna Kulturrådet ønskjer å ta vare på. (Foto: NTB).





Kistefos Trøssliberi, slipemaskiner frå Christiania Maskinværksted 1899. (Foto: Norsk Teknisk Museum).

3. lage framlegg til bevaringsplan, med vekt på
 - a. anlegget i høve til miljøet,
 - b. anlegget i høve til den historiske utviklinga av den tekniske og industrielle kulturen vår, både i landssamanheng og i det aktuelle distriktet,
 - c. eit representativt utval tekniske og industrielle anlegg av ulike slag,
 - d. ei rimeleg distriktsmessig fordeling, med vekt på å sikre distrikta verksemdar som var karakteristiske for dei,
4. lage framlegg til administrative ordningar for korleis arbeidet med bevaring av desse kulturminna best kunne organiserast, både på kort og lengre sikt,
5. utarbeide finansieringsordningar.

Som ein forstår, var det altså ei temmeleg variert og mangslungen oppgåve utvalet tok fatt på i 1984. I denne samanhengen finansierte Kulturrådet óg ei rekkje utgreiingar

om aktuelle bevaringsprosjekt. Dei fleste av desse var det personar utanfor utvalet som stod for. Det viste seg nemleg at mange av bevaringstiltaka det var søkt om, var for dårleg underbygde.

Det var ikkje så lett å skaffe fram bakgrunnsmateriale. Det var difor naudsynt å arbeide parallelt med dei ulike punkta, og utvalet seier óg i innstillinga at framlegg til bevaringsobjekt må supplerast etter kvart som registreringsarbeidet blir betre organisert.

Når no dette siste utvalet også har avslutta arbeidet sitt, kan det vere interessant å sjå litt på kva som er utretta, og korleis saka står i dag.

Kva resultat har dei to utvala gitt?

Både utvala la vekt på ei brei kontaktflate i arbeidet sitt. Det galdt både stafleige og kommunale styresmakter, fylkeskonservatorane, arbeidslivsor-

ganisasjonar, regionale og lokale musé og historielag. Det vart óg organisert underutval, t.d. for kraftstasjonar og for anleggsdrift.

Det er difor temmeleg sikkert at arbeidet har ført til at folk har vorte meir medvitne om industriminne og andre tekniske kulturminne utover desse sju ára. Kulturrådet, Miljøverndepartementet og Riksantikvaren følgde óg opp arbeidet med monalege løyvingar. Dette førte til at mange konkrete bevaringsprosjekt kom i gang.

Av større tiltak kan nemnast Bredalsholmen dokk i Kristiansand, ein tørrdokk bygd i 1873-76 med verkstedbygg, Spillumbruket damp-sag i Namsos, Sjølingstad Uldvarefabrik ved Mandal, Fetsund lenser og dokumentasjonssenter for industri i dei gamle bygga til Halden bomullspinneri ved Tistedalsfossen. Det er óg løyvt midlar til vidare restaurering av prosjekt som allereie var i gang, som Nes Jernverk, Klevfos Cellulose- og Papirfabrik og Blaafarveværket på Modum.

Det er vidare utført dokumentasjonsarbeid som ikkje direkte fører til konkrete bevaringstiltak, men der skriftleg dokumentasjon, fotografi, film/video og lydbandopptak vil gi verdfull informasjon til ettertida. Som døme på slike prosjekt kan nemnast dokumentasjon av industri og arbeidarkultur på Rjukan.

Kulturrådet gav óg tilskott til profesjonelt videoredigeringsutstyr ved Norsk Teknisk Museum, og det er allereie produsert ei rad videofilmar som industridokumentasjon. Av desse kan nemnast dokumentasjon av stålverket ved Christiania Spigerverk, som vart filma like før verket vart nedlagt. Seinare er óg ei rekkje andre avdelingar ved Spigerverket filma.

Kor går vegen vidare?

Med slutføringa av utvalsarbeidet er det óg slutt på Norsk kulturråds engasjement for bevaring og restaurering av faste tekniske kulturminne. Ansvaret for dette har gått over til Riksantikvaren og fylka. Men Kulturrådet kjem framleis til å engasjere seg på dokumentasjons- og formidlingssida – det vil seie den museumsfaglege delen.

Pr. desember 1990 låg det føre seks fullførde samleoversikter for industrigreiner, som t.d. smelteverksindustrien og møbelindustrien, og 29 fullførde rapportar om konkrete bevaringsframlegg. 20 rapportar er ennå under arbeid, og det låg føre seks søknader om nye utgreiningar og melding om ein søknad under utforming. Eigne oversiktar over dette finn ein nedanfor.

Det er vist stor lokal interesse for bevaring. Men mange av prosjekta fører med seg så store kostnader at også fylka vil ha vanskar med å gjennomføre dei. Utvalet rådde til at det vart løyvt 5 mill kr årleg i ein femårs-

periode til bevaring av industriminne.

Utvalet meiner det vil vere avgjerande at utgreiingsarbeidet som utvalet har utført, blir følgt opp i kvart fylke med ein kulturplan for tekniske kulturminne. Utvalet har kome med framlegg om at det blir løyvt 2 mill kr årleg i ein femårsperiode som skal nyttast til å stø slikt planarbeid i fylkeskommunane.

Av utgreiingsarbeid der det ennå ikkje har kome i gang restaurering, kan nemnast Neptun sildoljefabrikk i Melbu. Sildoljeindustrien har vore sær viktig for Noreg. I dei seinare åra har ein lagt ned ei lang rekkje fabrikkar, m.a. Neptun. Her ved Neptun skjodde ei viktig utvikling i sjølve prosessen, og difor vil det ha mykje for seg å velje denne fabrikken som bevaringsobjekt.

Av norske nøkkelindustriar – utanom sildoljeindustrien – der det ennå ikkje

har kome i gang konkrete bevaringsiltak, kan óg nemnast tremassefabrikkar. Det einaste realistiske alternativet her er Kistefos Træsliperi ovanfor Hønefoss, i Oppland fylke.

For teglverk er det heller ikkje noe konkret prosjekt. Dei einaste komplette anlegga som er bevarte, ligg i Sogn. Her er det to teglverk like ved kvarandre. Dei tekniske anlegga er så å seie komplette, men bygga er til dels dårlege.

Det er heller ikkje sikra bevaring av noen reperbane. Her peiker reperbanen i Kristiansund seg ut, spesielt på grunn av Mellomverftet, som er bevart. Eigar er interessert, men her har det ikkje vore noe levedyktig lokalt initiativ.

Det er stort behov for rådgiving om bevaring og bruk/formidling. Utvalet har gjort framlegg om å styrkje personalet ved musea for å ta hand om



*Kistefos Træsliperi ovanfor Hønefoss er det einaste tresliperiet i landet med dei gamle maskinene i behald.
(Foto: Norsk Teknisk Museum).*

teknisk og industrielt kulturvern: det bør skipast nye fagkonsulentstillingar ved dei musea som ein peiker ut som sentrale både på det teknikkhistoriske og sosialhistoriske området. Dette har ikkje skjedd. Rett nok er det skipa ein eigen seksjon innan Museumsforbundet for musé som arbeider med teknikk/industri, men dette gir ikkje større ressursar. Riksantikvaren er styrkt med ei stilling øyremerkt teknisk og industrielt kulturvern. Det er temmeleg tvilsomt om dette er nok til å initiere og koordinere det særns omfattende arbeidet som ventar.

Av alle dei større bevarings- og dokumentasjons/formidlingsprosjekta som er i gang, er det ingen som kan seiast å vere fullførte. Til dels krevst det store midlar for å fullføre arbeidet. Det ser difor ut til å vere stor fare for at resultatane av den monalege satsinga til Norsk kulturråd ikkje blir så gode som dei kunne ha vorte om ein hadde klart å sikre ei betre oppfølging både med omsyn til personell og pengar for planlegging og restaurering.

Fullførde oversikter over industrigrøner

- Rapport. Utstyr og maskiner innen grafisk industri i Bergen v/Atle Ove Martinussen. Fylkeskonservatoren i Hordaland 1987
- Notat vedrørende bevaringsplan for møbelindustrien i Møre og Romsdal v/Atle Ove Martinussen. Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal 1988
- Norske potetmelfabrikker v/Leif Bekkevold for Norsk kulturråd 1988
- Oversikt over elektriske smelteverk v/Niels E. Bugge for Norsk kulturråd 1988
- Bevaringsplan bergverk v/Ritter Eriksen/Nordsteien
- Oversikt over gamle sager i Norge v/Jan Wiig

Fullførde rapportar om bevaringsobjekt

- Bygdemøllen i Norge v/Bjørn Berge. Bevaringsvurdering for Norsk Teknisk Museum/Riksantikvaren 1987
- Plan for vern av maskiner, anlegg og miljø innan trikotasjeindustrien i Hordaland v/Atle Ove Martinussen. Fylkeskonservatoren i Hordaland 1987
- Bevaringsplan for konfeksjonsindustrien i Møre og Romsdal v/Atle Ove Martinussen. Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal 1988
- Førebels plan for vern av tønnefabrikasjon i Sogn og Fjordane v/Atle Ove Martinussen. Fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane 1988
- Spillumbruket i Namsos v/Jan Wiig. Norsk Teknisk Museum 1988
- Sjølingstad Uldvarefabrik. Bevaringsplan v/interimstyret

- Sjølingstad Uldvarefabrik. Plan for oppbygging/drift av museet v/stiftelsen
- Industrimuseumsavdeling på Neptun sildoljefabrikk i Melbu v/Lars Slettjord. Vesterålen bygdemuseum og Kultursentrum 1987
- Videreføring Landsdekkende museum for fiskeindustri på Melbu v/Styringsgruppen
- Videreføring Norsk Fiskeindustrimuseum Melbu v/Interimstyret
- Konfeksjonsmuseet. Forslag til bevaring av konfeksjonsfabrikken til Oddfred Tokle i Isfjorden v/Bjørn Ringstad og Per Sæther. Møre og Romsdal fylkeskom 1989
- Brattekleiv – et senter for sørøstnorsk kystkultur (Forprosjekt) v/Gøthe Gøthesen. Norsk Sjøfartsmuseum 1989
- Tilleggsrapport vedrørende senter for kystkultur på Brattekleiv v/Gøthe Gøthesen
- Plan for bevaring og anvendelse av eldre deler av Salhus trikotasje-fabrikk v/Atle Ove Martinussen. Hordaland fylke
- Engebret Soot Kanalen. Bevarings- og utnyttelsesplan for anlegg og område v/Eidskog kommune og Aurskog Høland kommune
- Hådalen og Hitterdalen ved Røros. Bevaringsplan for tømmer- og vasskanaler v/Rørosmuseet
- Plan for kultursti fra Ulefoss til Vrangfoss v/Nome kommune
- Bevaring/dokumentasjon Hvalfangststasjoner m m v/Hvalfangstmuseet
- Bevaring og dokumentasjon av norsk hvalfangstindustri v/Thor N Devig A/S 9.8.89
- Ja-Fa-prosjektet Forprosjekt v/Thor N Devig A/S 21.12.89

- Dokumentasjonsenter for Nordlandsbanen Forprosjekt v/Jernbanemuseet. Klaus Olesen. September 1989
- Dokumentasjonsenter for Nordlandsbanen Funksjon og formidling v/Jernbanemuseet. Klaus Olesen. Mars 1990
- Dokumentasjonsenter for Bergensbanen v/Jernbanemuseet. Klaus Olesen. Juni 1990
- Anleggsarbeid i Setesdalen v/Aust-Agder Fylkeskommune. Klaus Olesen. August 1990
- Bergerutstillingene. Dokumentasjon av Fossekleiva Uldvarefabrik v/Fossekleiva Bruksenter/Svelvik kommune
- Forprosjekt for dokumentasjon av jordbruksbasert industri og utnyttelse av Løiten Brænderi (bygninger/anlegg) v/Løiten kommune
- Forprosjekt vedrørende bevaring av Lindsåsslusen v/Hordaland Fylkeskommune
- Forprosjekt for museum vedrørende grafisk industri i Stavanger v/tidl byantikvar Unnleiv Bergsgard
- Intervjuundersøkelse vedrørende Nordlandsbanens anleggsperiode v/NSB Jernbanemuseet
Hertil: Rapporter fra arbeidsgrupper/underutvalg

Rapportar under arbeid

- Forprosjekt for dokumentasjon av Evje Nikkelverk og . . . gruber og utnyttelse av øvre del av Otravassdraget v/Kulturismeprosjektet i Nedre Setesdal
- Lensemuseets funksjoner, utredning v/Stiftelsen Fetsund lensemuseum
- Bevarings- og utnyttelsesplan for Skjoldastraumen sluse v/Rogaland Vegkontor og Tysvær kommune
- Forprosjekt for bevaring innen

- Møbelindustrien på Sunnmøre v/Sunnmøre Museum/ Fylkeskonservatoren
- Prosjektering av Industrimuseum i Bygning 6 i Tistedalen v/Halden historiske Samlinger
- Forprosjekt for bevaring/utnyttelse av Støkanalen i Trysil v/Musea i Trysil/Engerdal
- Kartlegging av bergverk og grubedrift i Nord Østerdal v/Musea i Nord Østerdal
- Utredning vedrørende mulig bevaring av Kistefos Tresliperi v/Norsk Teknisk Museum (Rapport ligg føre, men tillegg om finansiering og drift skal utarbeidast)
- Bevaringsplan for bergverk v/Norsk Bergverksmuseum
- Dokumentasjon av industri og arbeiderkultur på Rjukan (jernbane og båttransport) v/Industriarbeidermuseet Vemork
- «Rallarveien i sentrum» norsk/svensk prosjekt v/Narvik kommune
- Plan for bevaring og bruk av bygninger etter Landheim Veveri som del av tidligere Kapp melkefabrikker v/Toten Museum
- Plan for bevaring/utnyttelse av minner vedrørende Mostadmark Jernverk v/Malvik kommune
- Forprosjekt for innsamling, bevaring og formidling av fløtningshistorie i Namsenvassdraget v/Namdalsmuseet
- Forprosjekt vedrørende museum/dokumentasjonsenter for stenindustrien i Vestfold v/Larvik kommune
- Klevfos Industrimuseum. Detaljert plan for nybygg
- Norsk Kjøretøyhistorisk Museum. Utredning om museets alternativer for plassering, innhold og drift
- Forprosjekt for dokumentasjon av aluminiumsverket i Stongfjorden

- (1907–48) v/Sunnfjord Museum
- Forprosjekt for industrimuseum i Sandnes (sykkel/konfeksjonsdelen) v/Stiftelsen Jonas Øgland
- Utredning vedrørende bevaring av Killingdal Gruber v/Holtålen kommune

Utgreiingar det er søkt midlar til

- Prosjektering av Fiskeindustrimuseum på Melbu (Tolkningsenter og utnyttelse av Neptunanleggene) v/Interimstyret for Norsk Fiskeindustrimuseum
- Utredning vedrørende Fellesmuseum i Sulitjelma v/Fauske kommune
- Forprosjekt for dokumentasjon og dokumentasjonsted(er) vedr fløtning/vasskraftutnyttelse i Numedalslågen v/Lågdalsmuseet
- Bredalsholmen. Planlegging/prosjektering vedr istandsetting/utnyttelse av veteranskipsverftet
- Lårdal Bygdemuseum. Eidsborg brynesteinsbrudd
- Forprosjekt for dokumentasjon og dokumentasjonsted vedr fløtning i øvre del av Drammensvassdraget v/Ringerike Museum.

Søknad under utforming

- Forprosjekt vedrørende bevaring av Hagevik Tønnefabrikk i Måløy v/Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Fylkeskonservator

Fråsegner frå Norsk kulturråd

Ei hovudoppgåve for Norsk kulturråd er å vere eit rådgivande organ for Kulturdepartementet i kulturspørsmål. Rådet får ei rekkje saker til fråsegn frå departementet i løpet av eit år. Også andre instansar ber om å få Kulturrådets meining om særskilte saker, og vidare gir rådet på eige initiativ fråsegn i saker det ønskjer å trekke fram.

Av saker Norsk kulturråd har uttalt seg om i 1990, kan nemnast:

- NOU 1990:7 Forsvarets arkiver
- NOU 1990:11 Generell merverdiavgift på omsetning av tjenester
- NOU 1990:13 Ny lov om kommuner og fylkeskommuner
- Organiseringa av kulturavdelinga i Kulturdepartementet
- Innkjøpsordningane for skjønnlitteratur – spørsmål om sensur
- Kompetansesenter for turisme og utmarksnæring på Røros
- Utgreiinga «Musikkskolene – en dynamo i det lokale skole- og kulturmiljøet»
- Skiping av samisk kulturråd
- Nyheitsformidling til barn i NRK
- Nedskjeringar på offentlege kulturbudsjett
- Nedlegging av Oslo kunstnersenter
- Evalueringsrapport om Nordisk samisk institutt
- Statens nærmiljøutval – rapporten

«Ny giv i nærmiljø og lokalsamfunn»

- Ny stortingsmelding om kulturspørsmål
- Deling av kulturminnevernet på to departement
- Norden som kulturell heimemarknad.

Forsvarets arkiv

Ifråsegna om NOU 1990:7

Forsvarets arkiver roste Kulturrådet arbeidet som var gjort, og slutta seg heilt til framlegga. Rådet sa seg særleg glad for at dei kulturhistoriske perspektiva var med, såvel som dei forskningsmessige.

I utgreiinga kom det fram at viktig historisk kjeldemateriale hadde gått tapt gjennom storstilt kassasjon i Forsvarsdepartementet. Med utgangspunkt i rådets innsats for m.a. lokalhistoriske arkiv bad Kulturrådet difor Riksarkivaren ta initiativ overfor øvrige departement for å få i gang undersøkingar av arkivsituasjonen i andre store og viktige statlege etatar.

Generell merverdi på omsetning av tenester

I si fråsegn til NOU 1990:11 Generell merverdi på omsetning av tjenester rådde Kulturrådet sterkt frå å innføre merverdiavgift på tenester på kulturområdet. Rådet hadde m.a. desse synspunkta:

Ei utviding av merverdiavgifta til også å femne om tenester, vil gjere kulturtilboda dyrare og difor ikkje vere i kulturlivets interesse. Dette vil gjelde på stort sett alle kunst- og kulturområda. Kulturtenester bør difor

generelt unntakast frå merverdiavgift.

I noen høve vil riktignok ei innføring av merverdiavgift kanskje ikkje ha fordyrande effekt, fordi ein må rekne med at inngående merverdiavgift vil vere mindre enn utgåande merverdiavgift. Men nettopp på ein del av desse områda har utvalet gjort framlegg om avgiftsfritak. Eit døme er institusjonsteatra, som har låg eigeninntekt.

Grensa mellom avgiftsfri og avgiftspliktig omsetning ut frå gjeldande lov er fastlagt gjennom praksis. Dersom grensa for merverdiavgiftsplikt skal utvidast, må det gjerast ein ny grenseoppgang, i og med at noen tenester ifølge innstillinga må fritakast for avgiftsplikt. Særleg ser dette ut til å gjelde på kunst- og kulturområdet. Til dømes skal teater-, opera- og ballettframsyningar fritakast for avgift, medan det skal vere avgiftsplikt på alle slag konsertar. Grensa mellom konsert og operaballettframsyning er idag flytande. Eit anna døme er unntaket for honorar for utøvande kunstnarleg framføring av åndsverk, til skilnad frå når kunstnaren sjølv held konsert.

Vidare er royalti for forfattarar og komponistar ikkje avgiftspliktig, medan biletkunstnarar som nyttar egne kunstverk til plakat, lærebøker m.v. skal ut med avgift. På biletkunstnarmiljøet er det dessutan ei rad uklare punkt når det gjeld framlegga om momsplikt på utstillingsverksemd og salsprovisjon på kunst. Innføring av merverdiavgift på salsprovisjonar i private kunstgalleri vil ha ein klart negativ verknad på kunstformidlinga.

Framlegga til utvalet kan óg gi uheldige konkurransevidningar. Eit døme er framlegget om merverdiavgift.

gift på filmframsyning. Kinoane tevlar med videoutleige, og det har vore sett på som kulturpolitisk viktig at kinoane er tevlingsdyktige i pris. Avgift på filmframsyning vil forverre stillinga til kinoane i høve til videoutleige.

Eit anna døme på konkurransevridding er at avgiftsplikt på konsertar kan bli ein føremøn for dei store konsertinstitusjonane, t.d. Filharmonisk Selskap. Dei har ein stor post på utgåande meirverdiavgift, og ein liten på inngåande. For dei små konsertarrangørane, som anten har lite eller ikkje noe tilskott frå staten, vil det derimot bli ei stor bær. Dette gjeld ikkje berre konsertane til frivillige organisasjonar, men òg konsertar av profesjonelle einskiltpersonar eller grupper. Det fråtakket for meirverdiavgift som mindretalet gjør framlegg om for den ideelle verksemda generelt, hjelper ikkje dei mange profesjo-

nelle smågruppene rundt om i landet.

Når det gjeld NRK som allmennkulturell kringkasting, er det ei heilt sentral kulturpolitisk oppgåve å syte for at det ikkje blir lagt meir avgifter på verksemda.

Meirverdiavgift på kulturtenester vil bli tungt å administrere for kulturinstitusjonar og foreningar med få tilsette. Dette kan lett føre til at kulturlivets primæroppgåver, skapande kunstnarleg verksemd og formidling av kunst og kulturverdiar, vil bli sterkt skadelidande somfølge av administrativt meirarbeid.

Utvalet meiner det er usikkert om staten vil ha økonomisk føremøn av meirverdiavgift på kulturtenester, og kva for uheldige administrative konsekvensar det vil gi for staten. Ser ein dette i samanheng med det monalage meirarbeidet som ei utviding vil føre

til for institusjonar og organisasjonar, og problema med nye grenseopp-gangar som er nemnde over, meiner Kulturrådet det er endå mindre tilrådeleg å innføre ei generell utviding av meirverdiavgifta til også å femne om kulturtenester.

Ny lov om kommunar og fylkeskommunar


NOU 1990:13 Ny lov om kommunar og fylkeskommunar handlar i hovudsak om politisk og administrativ organisering og legg til rette for meir mål- og rammestyring og mindre statleg kontroll. Ei nedlegging av særlovene er ein del av dette.

I fråsegna si peikar rådet m.a. på at kultursektoren i liten grad er regulert av statleg regelverk og særlover. Nedbygging av særlovene på andre sektorar kan difor stille kulturoppgåver meir likt med andre oppgåver i kommunesektoren.

Større fridom for kommunane til å velje organisatoriske løysingar vil venteleg gi større variasjon. Dette kan gi røynsle med ulike modellar også på kulturområdet. Kulturrådet er opptatt av kulturdimensjonen i all kommunal aktivitet og ser med interesse fram til å få røynsle med ulike måtar å organisere på for å få meir heilskapleg perspektiv på arbeidet. Rådet legg samstundes vekt på kor viktig det er at røynslane blir forskningsmessig evaluerte, og ønskjer at verknadene for kulturarbeidet blir vurderte særskilt.

Kompetansesenter for turisme og utmarksnæring på Røros

Landbruksdepartementet ønskte ei fråsegn om framlegget frå ei arbeidsgruppe om å skipe til et kompetansesenter for turisme og utmarksnæring.



Rådet stilte seg positiv til framlegget og streka særleg under det viktige i at kompetansesenteret gir arbeidet med kulturopplevingar for turistane høg prioritet.

Organiseringa av kulturavdelinga i Kulturdepartementet

Ei arbeidsgruppe byrja i 1989 ein gjennomgang av arbeidsoppgåvene i kulturavdelinga i Kulturdepartementet med sikte på å delegere og desentralisere ei rad faste forvaltningsoppgåver. M.a. kom det framlegg om å legge oppgåver til Kulturrådet. Rådet fekk høve til å komme med synspunkt undervegs og sa frå om at det ser det som prinsipielt usemjande med rådets funksjon å ha faste stønadsordningar som gjeld varig/årvis driftstønad. Kulturrådets årsmelding for 1989 går meir inn på dette. I 1990 utdjupa rådet argumentasjonen og trekte opp eigne utviklingslinjer for Kulturrådet framover.

Innkjøpsordningane for skjønnlitteratur – spørsmål om sensur

Departementet bad Kulturrådet uttale seg om eit brev der Bjugn Kristelig Folkeparti ber kulturministeren «søtje for at det blir en bedre kontroll med det som sendes ut – en sensur som stanser den giftige påvirkningen».

Rådet viste til si utgreiing frå 1984 om innkjøpsordningane og gjorde greie for framgangsmåten ved vurdering og utsending av bøkene. Rådet såg ikkje grunn til å gå lenger og har ikkje forstått Stortinget slik at det skulle vere aktuelt eller ønskjeleg å diskutere tiltak som kan oppfattast som sensur.

Musikkskolane – ein dynamo i det lokale skole- og kulturmiljøet

I ei innstilling om musikkskolane utarbeidd på oppdrag frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet er det framlegg om lovtilknytning og opptrapping i overføringa av statsmidlar til den kommunale musikkskoleverksemda.

Kulturrådet støtta framlegget og meinte at ei forankring i grunnskoleloven kan sikre musikkskolane kontinuitet og framfor alt kvalitet. Dei må vere eit offentleg tilbod som kan nå alle, og må ha ein økonomisk basis som garanterer eit pedagogisk og kunstnarleg forsvarleg tilbod til elevane. Dette er ikkje minst viktig for tilveksten til øvrig musikkutdanning og det profesjonelle musikklivet. Likevel peikte rådet på at utvalet i for liten grad har sett musikkskolen i høve til det totale musikkutdannings-tilbodet.

Aktivitetane ved ein del musikkskolar er i dag utvida til å femne om andre kunstnarlege uttrykksformer. Rådet meiner det er ønskjeleg å sjå utviklinga for musikkskolane i samheng med andre, tilsvarande tiltak for barn og unge. Når Kulturrådet/Grunnskolerådets prøveprosjekt med kunstskolar er avslutta, vil det vere ønskjeleg å sjå på korleis denne verksemda kan samordnast med musikkskolane både med omsyn til organisering og bruk av ressursar.

Skiping av samisk kulturråd

På bakgrunn av opprettinga av Sametinget har Kulturrådet og rådets faglege utval for samisk kultur vurdert plasseringa av det statlege ansvaret for tilskott til kulturtiltak innanfor samisk kultur.

I ei fråsegn til Kyrkje- og kulturdepartementet tilrådde Kulturrådet at det blir oppretta eit samisk kulturråd innan utløpet av funksjonstida for det nåverande faglege utvalet for samisk kultur under Norsk kulturråd (dvs seinast 1992).

Nyheitsformidling til barn i NRK

I samband med at NRK vurderte eigne sendingar med sportsnytt til barn i fjernsynet, tok Kulturrådet opp spørsmålet om nyheitsformidlinga generelt til barn og unge.

Det er eit problem at det meste av nyheitsformidlinga både gjennom fjernsyn, radio og presse er retta mot vaksne, med det resultat at nyheiter blir presenterte i ei form og ein samanheng som barn og unge ikkje har føresetnader for å forstå. Rådet bad difor NRK vurdere ei breiare nyheitsformidling for barn i fjernsynet, gjerne i tilknytning til arbeidet med ei eventuell sportssending for barn.

Nedskjeringar på offentlege kulturbudsjett

Kulturrådet er opptatt av at det ser ut til å vere ein generell tendens til at kommunar og fylkeskommunar skjer ned på løyvingane til kulturformål. I ei fråsegn hausten 1990 sa rådet m.a. dette:

«I en tid med stadig større arbeidsløshet og med økende brutalitet og kriminalitet vil de reduserte kulturbevilgninger bety en ytterligere forverring av en allerede alvorlig samfunnssituasjon.

Nevnte tendens gjør seg også gjeldende i Oslo. Hovedstaden har lange tradisjoner i å støtte opp om byens kunst- og kulturinstitusjoner. I den

siste tida er det imidlertid skjedd alvorlige nedskjæringer, både når det gjelder kulturarvforvaltningen (Munchmuseet og Vigelandsanlegget) og driften av institusjoner som f.eks. Deichmanske bibliotek. Nå diskuteres det tydeligvis å legge ned eller redusere støtten til bl.a. Oslo Nye Teater.

Norsk kulturråd ber myndighetene opprettholde og styrke støtten til kulturell virksomhet på offentlige budsjetter i 1991.»

Nedlegging av Oslo kunstnersenter

Oslo bystyre vedtok i mai 1990 å stoppe løyvingane til Oslo kunstnersenter frå nyttår. Dette fører til at også statstilskottet fell bort.

Norsk kulturråd sa seg lei for vedtaket og bad kommunen syte for å halde i gang Oslo kunstnersenters funksjon som sekretariat for Oslos regionale samarbeidsutval for utsmykking av offentlege bygg.

I fråsegna viste rådet m.a. til det arbeidet rådet har lagt i å få til eit nett av regionale kunstnersenter, som etter kvart fekk sikra driftsmidlar over statsbudsjettet med den føresetnad at også fylkeskommunane stør drifta. Kunstnersentra er i dag rygg-raden i den desentraliserte, kunstnarstyrte aktiviteten på området biletkunst, kunsthåndverk og fotografi.

Rådets desentraliserte verksemd på området står i stor grad på samarbeidet med kunstnersentra. Ikkje minst gjeld dette kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg. Kunstnersentra er i dag sekretariat for Dei regionale samarbeidsutvala (RSU), som har det øvste faglege ansvaret for arbeidet med utsmyk-



kingssaker der Kulturrådet har gitt tilskott.

Evalueringsrapport om Nordisk samisk institutt

Nordisk ministerråd fekk i 1989-90 evaluert Nordisk samisk institutt. Evalueringa konkluderte med at instituttet bør omstrukturert i retning av eit forskningsråd for samiske saker, etter organisasjonsmodellen til NORAS.

I fråsegna si streka Kulturrådet under at dersom Nordisk samisk institutt får oppgåver som forskningsråd for samiske saker, må dette ikkje gå ut over oppgåvene instituttet har i dag, og verksemda må ikkje få ein meir ein-sidig nasjonal karakter.

Det samiske samfunnet er prega av relativt få formelle institusjonar som i idé, innhald og styringssett kan kallast samiske, og som dekkjer heile det samiske busettingsområdet. Nordisk samisk institutt har difor mykje å seie for ein felles samisk kulturell utvikling og som mogleg identifikasjonsfaktor for eit overnasjonalt samisk fellesskap.

I første omgang bør difor Nordisk samisk institutt få nok ressursar til at verksemda kan effektiviserast ut frå dagens målsettingar. Spørsmålet om det trengst eit samisk forskningsråd innan ramma av eit samisk fellesskap og med Nordisk samisk institutt som ein sentral samarbeidspartnar, bør greiast vidare ut.

Statens nærmiljøutval – rapporten «Ny giv i nærmiljø og lokalsamfunn»

Rapporten konsentrerer seg om oppvekstmiljø og omsorgsoppgåver, miljøvern og fysiske kvalitetar, sjølv om det òg heiter at målet er at ulike lokalsamfunn skal fungere som ein heilskap. I fråsegna si peiker rådet m.a. på at ein godt utbygd kulturell infrastruktur er eit vilkår for å halde oppe levedyktige lokalsamfunn. For å klare seg må morgondagens lokalsamfunn vere attraktive for menneske med kunnskap og kreative evner. Dyktige folk vil ikkje busette seg på stader som er fattige på kulturelle impulsar. Bedriftsetabletingar vil ikkje komme i lokalsamfunn der folk med kompetanse ikkje vil bu. Lokalsamfunn som ikkje satsar på å bygge ut ein kulturell infrastruktur, vil tape i tevlinga om å skaffe seg kvalifisert arbeidskraft. Stader som forsømmer kulturutbygginga, vil difor sakke akterut både når det gjeld arbeidsplassar og busetting.

Rådet seier vidare:

«Norsk kulturråd er enig i utvalgets påpekning av at et aktivt og levende nærmiljø vil være avhengig av kreativitet, engasjement og ildsjeler. Men dette forutsetter igjen et godt utbygd kulturtilbud som kan tilføre disse ressurspersoner næring og overskudd, slik at de får krefter til å gjøre en frivillig innsats for lokalsamfunnet.

Investeringer i kultur vil bety flere

Utgreiingar

attraksjoner og opplevelser for lokalbefolkningen. Kulturen styrker den lokale identitet og selvtillit. Kulturen kan frambringe sterk fellesskapsfølelse og ekte stedspatriotisme. Kulturen vil kunne være det nødvendige binde-middel i bestrebelsen på å sammen-sveise lokalbefolkningen og få inn-byggerne til å tro på stedets framtid. Kulturen kan også være en effektiv medisin mot håpløshet og resignasjon når verden går lokalsamfunnet imot.

Morgendagens vinnerkommuner vil være de som er forutseende nok til å satse på: 1) En godt utbygd kulturell infrastruktur. 2) Mennesker med ideer, kunstnerisk kompetanse og faglige kvalifikasjoner. 3) Organisasjonstalent som kan mobilisere det brede folkelige kulturliv til innsats på ulike områder. 4) Tålmodig risikokapital til å finansiere ideer/prosjekter.

Norsk kulturråd er derfor svært skuffet og forbauset over at nærmiljørapporten ikke har fanget opp kulturens sentrale betydning for å styrke livskvaliteten i våre lokalsamfunn. En nærmiljøpolitikk uten kulturelt perspektiv vil være dårlig fundament.

Stortingsmelding om kulturspørsmål

Hausten 1990 bad Kulturdepartementet rådet om innspel med tanke på ei ny stortingsmelding om kulturspørsmål. Rådet uttalte at det såg det som ønskeleg med ei slik melding, og melde frå om mange saker som kan vere aktuelle å ta med.

Rådet bad særskilt om at det blir fastsett i meldinga kva for oppgåver Norsk kulturråd skal ha for framtida, under dette eventuelle nye oppgåver og kva for oppgåver rådet ikkje leng-er skal ha.

Vidare bad rådet om at ein legg vekt på barne- og ungdomskultur, og ikkje minst at ein fører vidare verdifulle tiltak rådet har sett i gang, som t.d. «Ungdommens kulturmonstring».

Elles ønskte rådet m.a. at meldinga drøftar arbeidet med Noregs kulturelle samkvem med utlandet.

Deling av kulturminnevernet på to departement

I samband med overføringa av ansvaret for m.a. teknisk og industrielt kulturvern til Miljøverndepartementet frå 1.1.91 vedtok rådet å minne Kulturdepartementet om rådets tidlegare fråsegner imot delinga av kulturminnevernet på to departement og be om at ein nå tar opp dette til ny vurdering.

Norden som kulturell heimemarknad

I 1988 vedtok Nordisk ministerråd ein handlingsplan for nordisk kulturelt samarbeid, der spørsmålet om ein nordisk kulturell heimemarknad var ein viktig del. Kulturrådet har gitt desse vurderingane i høve til stønadsordningane rådet forvaltar:

«Norsk kulturråd er prinsipielt positiv til at de nasjonale kulturstøtteordningene får et nordisk perspektiv. En forutsetning må være at det foreligger gjensidighet. Med det presset det i dag er på Kulturrådet, vil sannsynligvis et nordisk perspektiv likevel nødvendigjøre en budsjettmessig utvidelse.

Særskilte problemstillinger er knyttet til området samisk kultur. Kulturrådet minner her om behovet for en samordning av de nordiske lands regelverk der de berører samisk kultur og de samiske bruks- og bosettingsområdene.»

Norsk kulturråd har gjennom åra fått utført utgreiingar på område som rådet har ønskt å trekke fram. I 1990 vart desse utgreiingane ferdige:

Amatørkultur

Rådet fekk hausten 1989 utarbeidd eit problemnotat om spørsmål i tilknytning til området amatørkultur. Bakgrunnen var at Norsk Amatørteaterråd og Norges Sang- og Musikkråd hadde bede Kulturrådet stå for ei utgreiing om amatørkultur. Notatet vart laga av sosiolog Mie Berg Simonsen, og rådet hadde det føre på første rådsmøte i 1990.

Notatet drøftar dei ulike omgrepa amatørkultur – folkekultur – kulturell eigenaktivitet – fritidskultur. Vidare går det inn på amatørkulturens plass i den statlege kulturpolitikken frå 1970-åra av, kva plass amatørkultur skal ha i verksemda til Kulturrådet, behovet for ei utgreiing om amatørkultur og alternative modellar for ei slik utgreiing.

Rådet vedtok å førebels ikkje sette i gang ei eiga utgreiing om amatørkultur, men be om at ein tar omsyn til feltet i rådets prosjekt med idear og tiltak på barne- og ungdomssektoren i eit utval kommunar/fylke. På grunnlag av røynslene frå dette prosjektet ville ein så vurdere behovet for eit utgreiingsarbeid i rådets regi. I samband med dette kunne det vere tenleg om det er gjort ei utgreiing av ein del spørsmål på området amatørkultur i regi av t.d. amatørkulturorganisasjonane. Rådet var oppe for å vurdere stønad til ei slik utgreiing.

Innvandrarkultur – ansvars- og arbeidsdeling

Utgreiinga tar særleg for seg statens og først og fremst Norsk kulturråds ansvar og oppgåver i høve til kultur-

Konferansar o.l.

aktivitetane til innvandrarane i Noreg.

Sosiolog Mie Berg Simonsen har stått også for dette utgreifingsarbeidet, med stønad i ei referansegruppe med medlemmer frå Kulturdepartementet, Kommunaldepartementet, Utlendingsdirektoratet, Kommunenes Sentralforbund og Kontaktutvalet mellom styresmaktene og innvandra- rar. Utgreiinga vart sendt ut på høyring ved årsskiftet og blir sluttbe- handla av Kulturrådet utpå året 1991.

Dei estetiske fagas plass i skolen

Kulturrådet har sidan 1987 hatt eit samarbeid med Grunnskolerådet på området skole – kultur. Arbeidet har til no vore konsentrert om tre punkt: treårig prøveprosjekt med kunstsko- lar for barn og unge, dei estetiske faga og heildagsskole/skolafritidsord- ningar, og styrking av dei estetiske fagas plass i skolen.

Hausten 1989 sette Kulturrådet og Grunnskolerådet saman ned ei arbeidsgruppe til å utarbeide ein handlingsplan for styrking av dei estetiske fagas plass i skolen. Gruppa fekk medlemmer frå Norges kunst- nerråd, Bergen lærarhøgskole og Samarbeidsutvalget for landslagene for de estetiske fagane i skolen, i til- legg til medlemmer frå dei to råda sjølve. I desember 1990 la gruppa fram eit framlegg til handlingsplan. Planen vart sendt ut til høyring på nyåret 1991, og det er lagt opp til vidare oppfølging både i arbeidsgrup- pa og i dei to råda.

Norsk kulturråd – kulturlivets forsøksråd

7. november 1990 inviterte Kulturrådet til konferanse i Oslo over temaet «Kulturen i 90-årene – Trenger vi Norsk kulturråd?» Deltakarar var sentrale personar innan kunst- og kulturlivet, represen- tantar for fylkeskommunane, Kommunenes sentralforbund og aktuelle departement.

Målet for konferansen var å få ein diskusjon om kulturens plass og Norsk kulturråds rolle i morgonda- gens norske samfunn. Kulturrådet ønskjer ikkje å sjå seg sjølv først og fremst som forvaltar av faste stønads- ordningar, men meir som ein pådrivar i utviklinga av nye formidlingsfor- mer, nye kulturuttrykk, nye organisa- sjonsmåtar for delar av kulturlivet.

Kulturminister Åse Kleveland opna konferansen og slo m.a. fast det posi- tive i at Kulturrådet har ei så fri stil- ling. Rådet må prioritere sterkare sjølv om det kan vere vanskeleg, men óg ta egne initiativ på spesielle område, med større einskildsatsingar. Ho avslutta med å karakterisere Norsk kulturråd som kulturlivets for- søksråd. Dei fleste var samde med statsråden i dette. Rådet arbeider vidare med dei tankane og framlegga som kom fram på konferansen.

Kulturforskning

Saman med NAVF, forskningsgruppa «Kultur og regional utvikling» og fylkeskultursjefen i Sogn og Fjordane var Norsk kulturråd medarrangør for «Landskonferanse om kulturforskning – tilhøvet mellom kultur, politikk og økonomi» i Førde i oktober 1990. Forskingsprogramma KRU og KULT vart presenterte, og målet var å tilføre kulturpolitikarar, kulturadministrato- rar og kulturjournalistar nye impulsar

og perspektiv basert på aktuell for- sking.

KULT (Kultur- og tradisjonsformid- lande forskning) skal granske og skil- dre den aktuelle kulturstoda, med særleg vekt på nye medium, teknolo- gi og kultur, kunst- og kulturinstitu- sjonar, barne- og ungdomskultur, kul- turoverføring og kulturbryting. Programmet går over fire år frå 1989, og er eit hovudsatsingsområde for NAVF, organisert som tverrfagleg samarbeid mellom humanistar og samfunnsforskarar.



„Kultur er Kult”

KRU (Kultur og regional utvikling) skal utvikle brei nasjonal kunnskap om og innsikt i norsk kulturliv og kulturen si rolle for regional utvikling, med prosjekt innanfor kulturøkonomi, kulturpolitikk, regionalt kulturliv, massemedia, kulturell identitet, kulturstatistikk m.m. Programmet går over fire år frå 1989, og det er Akershus, Hedmark, Oppland, Nordland og Sogn og Fjordane som har tatt initiativ til det.

Tusen og ein skatt

Kor tilgjengeleg er kultur for barn – og kven har ansvaret? Kva er barns eigen kultur – og korleis kjem den oss ved? Korleis står det til med norsk barnelitteratur? Korleis kan vi gi barn reiskapar til å meistre biletmiedieflaumen? Kan offentleg forvaltning tenkje nye tankar om barn og kultur? Desse og fleire spørsmål



Frå konferansen «Tusen og en skatt».
(Foto: Herman Berthelsen).

var i fokus på landskonferansen «Tusen og en skatt. Barn og kultur – et offentlig ansvar» som vart avvikla i Skien i september 1990, med Norsk kulturråd og Telemark fylkeskommune som arrangørar, i samarbeid med Norsk senter for barneforskning og Familie- og forbrukerdepartementet. Målgruppa var først og fremst politikarane og administrasjonen på kultur- og skolesektoren i fylke og kommunar, og konferansen samla opp mot 400 deltakarar.

Desentralisering av utsmykkingsordninga


Våren 1990 desentraliserte Kulturrådet oppfølginga av rådets utsmykkingssaker til dei regionale samarbeidsutvala for utsmykking (RSU), som er knytta til dei 15 kunstnarsentra i eit landsdekkjande nettverk. Som oppstart på dei nye oppgåvene kalla Kulturrådet saman til eit arbeidsseminar i april i Oslo, i samarbeid med Norske billedkunstnere og Norske kunsthåndverkere. Deltakarane – to frå kvart RSU/kunstnarsenter – fekk ei gjennomgang av den nye oppgåvefordelinga mellom Kulturrådet, RSU, kunstnarleg konsulent og lokal utsmykkingskomite på utsmykkingsaker, med særleg vekt på gjennomføringa av lukka tevlingar.

Ungdommens kulturmonstring 1990 – biletkunst, film, foto

I 1987 drog Kulturrådet i gang den første Ungdommens kulturmonstring, med musikk som tema. I 1989 kom neste monstring, med tema scenekunst, og i 1990 kom tredje monstring «Biletkunst – film – foto». Monstringa gjekk føre seg i tre trinn, først lokalt i kommunane, så fylkesmonstringar og til slutt eit tredagars arrangement i Kristiansand i april,

med ungdommar frå 18 fylke. Monstringa aktiviserte ialt over 13 000 ungdommar over heile landet. Etter tredje runde er arbeidet nå godt i gang med å få andre til å ta over monstringa som eit fast arrangement. For at ikkje den lokale innsatsviljen skal dø ut i mellomtida, planlegg Kulturrådet ei fjerde monstring i 1991 – Kultur på tvers.

Prisvinnarar 1990



Arne Nordheim
(Foto: Morten Krogvold).

Omsettarprisen

Norsk kulturråds omsettarpris for 1990 gjekk til Anne-Lisa Amadou for hennar omsetting av Marcel Prousts romanserie «På sporet av den tapte tid». Prisen var på kr 30 000 og vart delt ut under ei tilstelning i Militærhospitalet, Grev Wedels plass, Oslo, i samband med rådsmøtet 8. november 1990. I grunngevinga for tildelinga heiter det m.a.:

Berre det å gi seg i kast med ei slik oppgåve er grensasprenkjande. Å gjennomføre ho, med dei same høge krava til presisjon og kvalitet som allereie første bind bar bod om, og utan ein augneblink å gripe til rutinen, er ein prestasjon, intellektuelt og fysisk, som avtvingar den sterkaste beundring.

Æresprisen

Norsk kulturråds ærespris for 1990 gjekk til komponisten Arne Nordheim. Prisen var på kr 100 000 og vart delt ut under ei tilstelning i Konserthuset i Oslo, 11. desember 1990. I sin tale til prisvinnaren la rådets leiar Oddvar S. Kvam m.a. vekt på at Arne Nordheim har vore ein vegvisar for norsk skapande musikk i 30 år, og samstundes ein aktiv organisasjonsmann og deltakar i kulturdebatten gjennom desse åra. Det særmerkte i Nordheims musikk fann Kvam att i komponistens eigen kommentar til verket «Epitaffio»:

*«Lyse klangers vandring mot mørket
Klangblokker hengt under klangblokker
i langsomme modulasjoner,
og en stille sang
som til slutt
skulle fylle hele rommet.»*

Disponeringa av kulturfondet

Hovudfordeling

For 1990 løyvde Stortinget 128,4 mill kr til Norsk kulturfond. Dette var ein auke på 13 mill kr frå året før. Ved kongeleg resolusjon 16.2.90 vart midlane fordelte slik på dei ulike arbeidsområda (i 1000 kr):

		1990	1989
Litteratur (inkl. innkjøpsordningane)	kr	50 050	(45 500)
Tidsskrift	kr	2 140	(2 100)
Musikk	kr	7 300	(10 000)
Biletkunst og kunsthandverk	kr	11 400	(11 200)
Kulturvern	kr	11 000	(10 800)
Samisk kultur	kr	3 300	(3 200)
Barne- og ungdomskultur	kr	5 700	(5 700)
Kulturbygg	kr	10 600	(11 000)
Frie sceniske grupper (drift)	kr	11 100	
Utval, utgreiingar og publikasjonar ...	kr	1 900	(1 900)
Andre formål	kr	10 000	(10 300)
Administrasjon	kr	3 900	(3 600)
Til samah	kr	128 400	(115 400)

Av Kulturfondet gjekk bortimot 68 mill kr til ulike innkjøpsordningar for litteratur og biletkunst, til driftstønad for frie sceniske grupper og til utval og administrasjon. I tillegg var det gitt tilsegn om stønad til ei rekkje formål, til saman var vel 18 mill kr av fondet bundne til dette då året tok til. Det var såleis ikkje meir enn vel 42 mill kr att til fordeling på grunnlag av nye søknader.

Oversyn over søknadsmengda i 1990:

Saksområde	Tal på søknader	Tal på søkn. utan sum		Samla søkn. sum
Litteratur	184	(61)	kr	9 439 959
Tidsskrift	66	(16)	kr	3 900 213
Musikk (inkl. opera)	228	(28)	kr	30 601 247
Biletkunst og kunsthandverk ...	405	(53)	kr	23 719 300
Kulturvern	224	(10)	kr	53 976 906
Samisk kultur	143	(9)	kr	9 257 889
Barne- og ungdomskultur	85	(12)	kr	10 477 443
Kulturbygg	41	(1)	kr	79 183 480
Frie sceniske grupper (drift)	74		kr	84 884 871
Andre formål	255	(38)	kr	30 044 624
Sum 1990	1 705	(228)	kr	335 485 932
(Sum 1989)	(1 646)	(213)	(kr	209 177 214)

Oversikta syner lita utvikling i det samla søknadstalet for 1990 i høve til 1989, medan samla søknadssum har auka sterkt. Dette skriv seg i hovudsak frå søknadene om driftstønad for frie sceniske grupper, som vart overførde frå departementet til rådet frå 1990. Men kulturbygg svarar og for ein god del av auken. I tillegg har det vore merkbare svingningar på dei einiskilde saksområda.

Litteratur

Avsetning 1990: kr 50 050 000 (1989: kr 45 500 000).
 Talet på søknader: 184, av dei 61 utan søknadssum (1989: 157/32).
 Samla søknadssum: kr 9 439 959 (1989: kr 7 743 692).

Midlane til litteratur vart budsjettert slik:

Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur	kr	26 900 000
Innkjøpsordninga for nye norske skjønnlitterære bøker for barn og ungdom	kr	15 700 000
Innkjøpsordninga for omsett litteratur	kr	3 500 000
Nye norske teikneseriar	kr	300 000
Kunstnarleg illustrerte barnebøker	kr	650 000
Barneblad	kr	370 000
Andre tiltak for barnelitteratur	kr	250 000
Produksjonsstønad	kr	400 000
Ny norsk dramatikkk	kr	650 000
Omsettarprisen	kr	30 000
Nynorsk litteratur	kr	900 000
Andre litteraturtiltak	kr	400 000
Til saman	kr	50 050 000

Avsetninga til dramatikkk vart styrkt med kr 358 620 frå andre budsjett-postar i løpet av året.

Posten «Andre litteraturtiltak» vart i 1990 nytta til følgjande formål (prosenttala i parentes viser % av posten):

Særskilde utgivingar	kr	235 000	(58,75%)
Seminar, kurs, festivalar	kr	32 500	(8,00%)
Styrking andre litteraturpostar	kr	132 500	(33,13%)
Til saman	kr	400 000	

Sjå elles liste bak i rapporten over alle løyvingar og lister over innkjøpte bøker på dei tre innkjøpsordningane.

Generelt

Avsetninga til litteraturformål 1990 var rekna å skulle dekkje budsjetterte kostnader til m.a. dei to innkjøpsordningane for skjønnlitteratur for vaksne og for barn og ungdom, ei ny innkjøpsordning for omsett skjønnlitteratur og oppstarting av to nye stimuleringsiltak for utgiving av nye norske teikneseriar og klassisk skjønnlitteratur.

Innkjøpsordningane for skjønnlitteratur

Dei endelege rekneskapa for dei to ordningane blir ikkje avslutta før alle ankesakene er ferdige i løpet av våren 1991. For vaksenordninga er det venta at det endelege talet på innkjøpte bøker 1990 vil bli 201, inklusiv sju essaysamlingar (1989: 190). For barne- og ungdomsordninga er talet 108 (1989: 88).

Kostnadsutviklinga for skjønnlitterære bøker frå 1989 til 1990 vart større enn rådet hadde rekna med. Dette saman med auken i titteltal på begge ordningane gjer at dei oppsparte midlane rådet hadde sett av til å møte situasjonar som denne, vil bli oppbrukte i 1990. I 1990 har rådet i samråd med partane for innkjøpsordningane vedtatt å revidere reglane for tilbakebetaling for avviste bøker (morarenter) samt noen andre mindre endringar av avtalene. Rådet har elles gjort eit prinsippvedtak om litteratur av innvandarforfattarar. Denne litteraturen kjem nå inn under ordningane på same vilkår som samisk litteratur – dvs. at bøker av innvandarforfattarar som bur fast i Noreg, blir rekna som norske utgivingar når det gjeld omsetting til norsk språk av verk som tidlegare ikkje er utgitte.

Første funksjonsperiode for den nye vurderingsordninga blir avslutta når

vurderinga av alle 1990-bøkene er ferdig. Røynslene med den nye vurderingsordninga er gode, og ordninga vil halde fram i 1991.

Norli-Bibliotekstjenesten distribuerer bøkene til biblioteka i perioden 1989–1991. Fordelinga av boksetta skjer som før i samarbeid med Statens bibliotektilsyn.

Innkjøpsordning for omsett skjønnlitteratur

Stortinget auka i 1990 kulturfonds- budsjettet til gjennomføring av ei prøveordning med ei selektiv innkjøpsordning for omsett skjønnlitteratur. Rådet vedtok i 1990 ei treårig prøveordning med ei fast budsjett- ramme. Budsjettet er rekna å dekkje innkjøp og utsending av inntil 50 titlar i 500 eksemplar kvart år.

Ordninga kom i stand med verknad for bøker utgivne andre halvår 1990.

Bøker utgivne første halvår 1990, ialt tolv titlar, fekk produksjonsstønad som tidlegare år. 36 titlar utgivne andre halvår 1990, 28 titlar for vaksne og åtte for barn og ungdom, vart innkjøpte etter førehandsvurdering. 24 titlar vart utsende til biblioteka i 1990. A/L Biblioteksentralen distribuerer bøkene på denne ordninga i samarbeid med Statens bibliotektilsyn.

Unytta midlar frå 1990 vart overførde til 1991.

Nye norske teikneseriar

Rådet satte i 1990 av midlar til ei selektiv innkjøpsordning for nye norske teikneseriar. Det vidare arbeidet viste at det i første omgang var meir tenleg med ei form for prosjektstønad. Åtte nye norske teikneseriar mottok stønad frå Norsk kulturfond i 1990.

Kunstnarleg illustrerte barnebøker

Av denne posten stør Norsk kulturråd no berre gjennomillustrerte skjønnlitterære bøker og fagbøker for barn og ungdom. Det har vore ei sterk kvalitetsheving, på alle plan av kunstnarleg illustrerte bøker for barn og ungdom dei siste åra, og det er rimeleg å meine at stønaden frå Kulturfondet har hatt mykje å seie her. Rådet løyvde tilskott til 25 bøker i 1990.

Barneblad

Frå 1990 har litteraturkapitlet ansvaret for all stønad til allereie eksisterande barneblad. Midlar frå avsettinga «Barne- og ungdomskultur» vart i 1990 omdisponerte til litteraturkapitlet til dette formålet. Fem barneblad fekk honorarstønad i 1990, med summar frå kr 15 000 til kr 220 000. Norsk Barneblad fekk det største tilskottet.



«Han kom frå havet og skulle bli den første Fantomus.» Kjell E. Midttun fekk produksjonsstønad til sitt første teikneseriealbum «Fantomus og tronarvingen».

Tidsskrift

Andre tiltak for barnelitteratur

Av denne avsettinga har rådet stødd tilrettelagde bøker for blinde og svak-synte barn, men også for psykisk og fysisk utviklingshemma, m.a. som ei oppfølging av HVPU-reformen. Avsettinga har og gitt rom for stønad til ei kunstbok for barn, til seminar og forskingsbibliografiar om barnelitteratur.

Produksjonsstønad

Rådet vedtok i 1989 å gjøre ein særleg innsats for nyutgiving av eldre norsk «klassisk» litteratur. Ein ad hoc-komite la hausten 1989 fram forslag til ein serie på om lag førti titlar over ein fireårsperiode. Arbeidet med igangsettinga er forseinka, men vil bli ført vidare i 1991.

Rådet stødde i 1990 fem verk etter reglane for den tidlegare stønaden. Unyttar midlar for 1990 vart overførte til 1991.

Ny norsk dramatik

Rådet gav stønad til 31 korttidsengasjement og fem prosjektkontraktar, vidare stønad til omsetting til engelsk av åtte dramatiske verk og kopieringsstønad til eitt verk.

I mai 1990 vart lønnsatsane ved teatra oppjusterte. Etter forhandlingar med dramatikarane og teatra vedtok rådet å heve sine tilakott i samsvar med dei nye satsane. Avsettinga for 1990 vart styrkt med i alt kr 358 620 av midlar frå andre budsjettpostar for å kunne følgje opp løyvingane til ny norsk dramatik på vanleg måte.

Rådet vedtok elles å ta med i stønadsordninga dei teatra som arbeider mot regionteaterstatus.

Avsetting 1990: 2,15 mill kr (1989: 2,1 mill kr).

Talet på søknader: 66, av desse 16 utan søknadssum (1989: 52/9). Samla søknadssum: kr 3 900 213 (1989: kr 3 076 001).

Etter retningslinene for tidsskriftstønad frå 1988 gir rådet fire ulike former for stønad til kulturtidsskrift: produksjonsstønad, innkjøpsstønad, oppstartingsstønad og særskild stønad. I 1990 vart 1,643 mill kr fordelte på 43 tidsskrift. Gjennomsnittsstønad pr tidsskrift var kr 37 675 (1989: kr 39 000).

Midlane vart nytta slik:

	1990	(1989)
Produksjonsstønad	kr 665 000	kr 779 800
Innkjøpsstønad	kr 808 000	kr 734 200
Oppstartingsstønad.....	kr 70 000	
Særskilt stønad	kr 100 000	kr 106 000
Til saman	kr 1 643 000	kr 1 620 000

Sjå elles liste over tilskotta til dei einskilde tidsskrifta bak i rapporten.

Nynorsk litteratur

Rådet stødde i 1990 39 bokutgivingar. 33 av desse var utgivingar på Det Norske Samlaget.

Andre litteraturtiltak

Avsettinga er som før nytta til å stø kurs, seminar og særskilde bokutgivingar som fell utanfor dei faste stønadsordningane. Den vitskapelege utgivinga av J.S. Welhavens samla litterære produksjon er nå ferdig, finansiert av NAVF og Kulturrådet.

Treårig prøveprosjekt

På bakgrunn av ei kulturtidsskriftutgreiing vedtok rådet i 1989 å finansiere eit treårig prøveprosjekt til beste for alle kulturtidsskrift, og løyvde 0,5 mill kroner pr år i perioden 1988-90. Prøveordninga har vore særskilt vellukka.

Musikk

Avsetting 1990: 7,3 mill kr (1989: 10,1 mill kr).
 Talet på søknader: 228, av dei 28 utan søknadssum (1989: 270/37).
 Samla søknadssum: kr 30 601 247 (1989: kr 22 635 533).

Vel halvparten av avsettinga vart disponert til forsøksprosjekt, større einskildtiltak og til rådet sine plateutgivingar. Resten var til fordeling på søkjarar.

Musikkmidlane vart nytta slik:

Særskilde tiltak

Verdensmusikkdagene 1990 –		
ISCM-festivalen i Oslo	kr	100 000
Norges Sang- og musikkråd – til		
forsøksprosjektet «Musikk på arbeidsplassen»	kr	200 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune –		
profesjonell folkemusikkgruppe	kr	660 000
Finnmark fylkeskommune – engasjement av		
dirigent/arrangør	kr	150 000
Norsk Lydinstitutt, Stavanger – katalogisering av		
Valenza-samlinga	kr	220 000
Prosjekt «Samtidsscenen» – senter for		
tøvande kunstnarleg verksemd	kr	270 000

Avsettingar

Utgiving av plater og notar, norsk musikk	kr	1 200 000
---	----	-----------

Andre musikktiltak

Til disposisjon for søknader	kr	4 500 000
Til saman	kr	7 300 000

Avsettinga til innspeling av LP- og CD-plater har i 1990 resultert i tre ny innspelingar i Kulturrådets Klassikarserie og tre innspelingar i den nye NIM-serien.

Disposisjonsposten på 4,5 mill kr vart nytta til følgjande formål:

Tingingsverk	kr	1 571 750
LP-CD og kassettutgivingar	kr	203 000
Konsertar/festivalar	kr	350 000
Folkemusikktiltak	kr	80 000
Operatiltak, frie grupper	kr	135 000
Kurs, seminar	kr	20 000
Andre musikktiltak	kr	2 125 140
Til saman	kr	4 484 890

Sjå elles liste over einskildløyvingane bak i rapporten.

Generelt

Midlane til musikkformål er i 1990 i hovudsak nytta etter same mønster som dei seinaste åra. Arbeidet med musikkaker kan delast i tre hovudområde: særskilde tiltak, avsettingar til rådets egne fonogramutgivingar og handsaming av søknader.

Verdensmusikkdagene i Oslo 1990

Noreg var vertnasjon for Verdensmusikkdagene 1990, ein årleg, internasjonal festival for samtidsmusikk. Rådet løyvde i alt kr 300 000 til tiltak i samband med festivalen.

Profesjonell gruppe i folkemusikk og folkedans

Den profesjonelle gruppa i folkemusikk og folkedans i Sogn og Fjordane var i 1990 inne i sitt andre prøveår og har drive i samsvar med planane som låg til grunn for søknaden om tilskott.

Fylkestilsett dirigent/arrangør ved musikartenesta i Finnmark

Finnmark har utvikla ei samordna musikarteneste med fylkeskommunalt arbeidsgivaransvar og leing for 17 stillingar med pedagogisk og kunstnarleg verksemd. Kulturrådet gav i 1990 stønad til at ein dirigent/arrangør kunne tilsettast, men då fylkeskommunen måtte skjere ned på kulturbudsjettet, vart forsøket stansa pr 1.8.90.

Valenza-samlinga

Norsk Lydinstitutt i Stavanger fekk i 1989 innvilga søknad om å starte opp katalogisering av Valenza-samlinga, som Stavanger kommune no eig.

Samlinga inneheld ymse lydmaterialle, publikasjonar, apparat o.a. Rådet gav i 1990 tilskott til det vidare arbeidet, som går parallelt i Marzio og Stavanger.

Plateinnspelningar

I Norsk kulturråds klassikarserie er det sidan starten i 1971 gitt ut 69 plater og kassettar, og i tillegg 20 kompaktplater med redigerte verk frå serien. Ein arbeider også med å få trykt notemateriell for ein del av musikken. I 1987 starta utgivinga av NIM-serien, med musikk frå rundt 1920 og fram til 1950-talet. Serien kjem på kompaktplater. I 1990 gjorde rådet produksjonsavtale med Simax/Pro Musica, og det kom ut tre

nye produksjonar. Serien bind saman Klassikarserien med Norsk Komponistforenings serie med musikk av nolevande komponistar. Slik blir det til saman ein antologi over norsk musikk.

Andre musikktiltak

Om lag halvparten av musikkavsettinga blir fordelt på grunnlag av søknader. Samla søknadssum auka vesentlig i 1990. Mange gode søknader nådde difor ikkje opp i prioriteringa.

Disposisjonsposten har dekt løyvingar til tingingsverk for norske komponistar, med særleg vekt på dei yngre og uetablerte. Vidare har rådet gitt til-

skott til innspelningar av fonogram for Norsk Komponistforening og Norsk Jazzforbund, trykking av notar med nye norske verk, produksjon av operaframsyningar med frie grupper og folkemusikktiltak.

Nord- og Sør-Trøndelag blir prøvefylke for prosjektet Norsk Samspill. Norges Sang- og Musikkråd står bak, og blant medspelarane er Kulturrådet. Målet er å stimulere musikklivet på arbeidsplassar, i samarbeid med næringslivet. (Foto: Nationen).



Biletkunst og kunsthåndverk

Avsetning 1990: 11,4 mill kr (1989: 11,2 mill kr).
 Talet på søknader: 405, av dei 53 utan søknadssum (1989: 393/50).
 Samla søknadssum: kr 23 719 300 (1989: kr 21 224 426).

Midlane til biletkunst og kunsthåndverk vart nytta slik:

Særskilde tiltak

Prosjekt «Kunstsoler for barn og unge», 2. året ...	kr	235 000
Monumentalverkstad for kunst, Sandnes, prøvedrift 2. året	kr	60 000
Sogn og Fjordane fylkesgalleri, prøvedrift 3. året...	kr	570 000
Nord-Trøndelag fylkesgalleri, prøvedrift 3. året.....	kr	500 000

Avsettingar

Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg – til utsmykkingar og andre tiltak	kr	4 000 000
Kjøp av norsk samtidskunst og kunsthåndverk.....	kr	1 090 000
Tilskott til debuterande biletkunstnarar	kr	600 000
Tilskott til debuterande kunsthåndverkarar	kr	100 000
Utstyrsstønad til biletkunstnarar	kr	375 000
Utstyrsstønad til kunsthåndverkarar	kr	500 000

Andre tiltak biletkunst og kunsthåndverk

Til andre søknader	kr	3 370 000
Til saman	kr	11 400 000

Ein mindre sum på posten utstyrsstønad til biletkunstnarar vart overført til andre biletkunst/kunsthåndverkpostar, m.a. posten «Andre tiltak biletkunst og kunsthåndverk». Denne posten vart nytta slik i 1990:

Utstillingar	kr	979 455
Utstyr til kunstformidling	kr	564 000
Kjøp av kunst til samlingar	kr	290 000
Publikasjonar	kr	385 000
Andre tiltak	kr	1 270 000

Sjå elles liste over einskildløyvingane bak i rapporten.

Generelt

Midlane er i stort nytta etter same mønster som i 1989. Rådet legg framleis vekt på å ha godt med midlar til utstillingar og anna som gjeld formidling av biletkunst og kunsthåndverk. Rådet har i 1990 overført materialfondslåneordningane for biletkunstnarar og kunsthåndverkarar til kunstnarorganisasjonane. Tiltak som for tida har treårig prøvedriftstønad, er fylkesgalleria i Nord-Trøndelag og Sogn og Fjordane, kunstsoler for barn og unge (jfr kapitlet «Barne- og ungdomskultur») og monumentalverkstader for kunst i Sandnes og Oslo. Av større tilskott kan nemmast ei utgreiing om stillinga for kunstnarleg fotografi i høve til museumsstrukturen i Noreg, og prosjektet «Art-itecture», der norske og utanlandske kunstnarar skal prege bybiletet i Stavanger med installasjonar o.l. sommaren 1992.

Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg

Denne avsettinga har gått til utsmykking av kommunale og fylkeskommunale bygg og til statsbygg frå før 1977. Tilskottsprosenten har variert mellom 30 og 50 for ikkje-statlege bygg, medan Kulturfondet har dekt utsmykkingskostnadene fullt ut for eldre statsbygg. I 1990 har Norsk kulturråd handsama 73 søknader til avsettinga. Frå 1989 har rådet sett det som viktig å gi stønad også til andre tiltak som kan fremje kunstnarleg utsmykking. Fleire kunstnarsenter har fått tilskott til prosjekt som tok opp kunstnarleg utsmykking i ulike samanhengar. Frå 1.5.90 har rådet som ei treårig prøveordning overført godkjenninga av utsmykkingsplanane for dei einskilde bygga til dei regionale samarbeidsutvala for utsmykking (RSU).

Kjøp av norsk samtidskunst

Innkjøpskomiteen for norsk samtidskunst har til oppgave å sikre det offentlege ei viss mengd kunstverk innanfor måleri, skulptur, bilettev/tekstil, grafikk, teikning, kunsthandverk og fotografi. Frå komiteen vart skipa i 1968 og fram til utgangen av 1990 var det kjøpt inn om lag 3 300 verk for midlar frå Kulturfondet. Innkjøpskomiteen har

ni medlemmer oppnemnde for to år. I tillegg har komiteen kontakt med 26 representantar i distrikta.

Fordeling av samtidskunst til distrikta

I 1988 vedtok Kulturrådet ei ny ordning der den innkjøpte kunsten annakvart år blir fordelt til faste samlingar av biletkunst og kunsthandverk med ein viss minstestørleik og med fram-


synings- og lagertilhøve av ein viss standard. I 1990 vart omlag 600 verk fordelte på 15 samlingar.

Debutantstønad

Ordninga med tilskott til biletkunstnarar og kunsthandverkarar som skal ha si første offentlege separatutstilling, har i 1990 kome 83 kunstnarar til gode. Stønaden går til material- og transportutgifter.

Tilskott til utstyr

Gjennom fleire år har rådet gitt tilskott til biletkunstnarar og kunsthandverkarar som treng utstyr til verkstad eller gruppeverkstad. For kunsthandverkarane er det ein auke i søknadsmengda i 1990, medan det er langt færre søknader frå biletkunstnarane. I alt har 54 kunstnarar fått tilskott etter ordninga i 1990.



Det blåste opp til storm då Elsebeth Rahlffs sotgrd «Flagg for vår verden» vart heist på Festningsplassen i Bergen 8. mai 1990. (Foto: Anna Heen/Klassekampen).

Kulturvern

Avsetting 1990: 11 mill kr (1989: 10,8 mill kr).
Talet på søknader: 224, av dei 10 utan søknadssum (1989: 291/31).
Samla søknadssum: kr 53 976 906 (1989: kr 49 631 357).

Midiane vart nytta slik:

Avsettingar

Tiltak ved dei kulturhistoriske musea	kr	4 000 000
Verneverdige miljø og anlegg, (inkl. tekniske og industrielle kulturminne)	kr	3 000 000
Andre kulturverntiltak.....	kr	4 000 000
Til saman	kr	11 000 000

I tillegg vart avsettinga til kulturvern auka med kr 390 000 frå eldre, uaktuelle løyvingar. Vidare vart 2,3 mill kr av rådets generelle disposisjonspost Andre formål nytta til etablering av Industrimuseum i Halden.

Underposten «Andre kulturverntiltak» vart nytta slik:

Lokalhistoriske samlingar (arkiv)	kr	425 000
Registrerings- og innsamlingsarbeid	kr	355 000
Utviklingsprosjekt, fotografi, EDB-teknologi	kr	704 200
Utgivingar, utstillingar, informasjons- og opplysningsstoff	kr	650 000
Forprosjekt, utgreiningar v/teknisk utvalg	kr	200 000
Ymse	kr	233 015
Ført over til andre kulturvernsettingar	kr	1 442 000
Til saman	kr	4 009 215

Generelt

Kulturfondet skal etter Kulturrådets retningslinjer m.a. nyttast til å verne den norske kulturarven og gjere kulturverdiane tilgjengelege for flest moglege. For rådet har det vore viktig å sjå heile kulturvernområdet i samband og møte den aukande interessa for kulturvern som har spegla seg i søknadene i dei seinare åra. Særleg gjeld dette tekniske og industrielle kulturminne og den industrielle og arbeidshistoria som knyter seg til desse.

Etter at Kulturrådet la fram utgreininga om tekniske og industriel-

le kulturminne hausten 1988, har rådet hatt eit eige utval til å halde fram med arbeidet med konkrete verneplanar for dei mest utsette bransjane. Dette har ført til auka velvilje og innsats lokalt og innan industrien. Samarbeidet med LO og NAVF i Kulturrådets utval, og med dei lokale fagforeningsavdelingane, har vore sers viktig. I alt er det sett i gang 55 framlegg til verneplanar på dette området der ein til no i høg grad har sakna registreringar og oversyn.

Året 1990 har elles vore prega av at det administrative og økonomiske ansvaret for kulturminna vart delt

mellom to departement.

Bygningsvern og faste tekniske kulturminne høyrer inn under Miljøverndepartementet, medan museumsarbeidet på feltet fell inn under Kulturdepartementet. Kulturrådet har sett kulturvern- og museumsarbeidet som integrerte delar av kulturarbeidet. Søknader basert på dette synet har fått ei meir innfløkt handsaming enn før, og det har vore vanskar med å nå fram til dei rette økonomiske kjeldene.

Vern av historisk kjeldemateriale er eit viktig område av kulturvernet. Innan fotoproblematikken arbeider eit eige utval, som vart sett ned då Kulturrådet i 1986 vart søkt om 1,6 mill kr til restaurering og konservering av Wilses fotosamling. Det vart då klart at dette berre var ein del av eit stort nasjonalt problem. Utvalet har nær tilknytning til arbeidet på dette området ved Nasjonalbibliotekavdelinga i Mo i Rana.

Tiltak ved dei kulturhistoriske musea

Kulturrådet ser musea som viktige institusjonar for vern om nasjonal og lokal identitet og kultur og vidareføring av kunnskap inn i vår eiga tid. Rådet auka avsettinga til museumstiltak frå 2,9 mill kr i 1989 til 4 mill kr i 1990.

Søknadene fortel at musea er inne i ein ekspansiv periode, med auka satsing på kultur- og tradisjonspreiing og kulturell tenesteyting i lokal og regional sammanheng. Den nye tida krev nye metodar for informasjon og presentasjon, m.a. med tilpassing til ny teknologi og utbetring av lokale. Kulturrådsmidlar har kome vel med her, t.d. fekk Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer ei løyving



Frå Viktoria Terasse i Christiania rundt århundreskiftet. Bevaring av fotograf Wilses fotosamling vart utgangspunktet for ei større satsning på vern av fotografisk kjeldemateriale.

på kr 683 000 fordelt over to år til arbeidet med datateknologi og utvikling av eit nasjonalt kompetansesenter.

Også på andre område står museum- og verksemda framfor store utfordringar. Musea stig stadig meir fram som lokale samlingsstader for kulturaktivitetar og folkeopplysing og inngår i lokale planar for kultur- og reiseliv. Mange interessante og lovande planar på reiselivsområdet tar utgangspunkt i kulturvern- og museumstiltak, men har ikkje fått stønad frå Kulturfondet p.g.a. manglande midlar.

Vern av anlegg og miljø

1990 var siste året Kulturrådet sette av særskilde midlar til anlegg og miljø. Sjølv om ansvaret for kystkultur, bygningsvern og faste tekniske kulturminne er ført over til Riksantikvaren frå 1990, vurderte Kulturrådet 1990 som eit overgangs-

år. Rådet måtte ta omsyn til tidlegare tilsegner om stønad til Risør, Skudenesbavn og andre større kulturvern- og miljøprosjekt, og vidare var det viktig for rådet å redde tekniske og industrielle kulturminne som var i fare for å gå tapt. Det vart difor sett av midlar, men summen vart redusert frå 4 mill kr i 1989 til 3 mill kr i 1990. I juni løyvde rådet så 2,3 mill kr til etablering av industrimuse i Halden frå den generelle disposisjonsposten Andre formål. I alt gjekk det då med 5,3 mill kr til vern av anlegg og miljø i 1990.

Andre kulturverntiltak

Midlane på denne avsettinga kan Kulturrådet nytte til å løyse forsømde oppgåver og prøve ut nye idear. Søknadene til avsettinga er mange og speglar den store breidda innan kulturvernet.

Det vart løyvt midlar til verneplanar for industriminne og andre dokumen-

tasjons-, innsamlings- og registreringstiltak. Det same gjeld tiltak for oppretting av lokalhistoriske samlingar (privatarkiv). Landslaget for lokal- og privatarkiv fekk midlar til utarbeiding av ein standard for EDB-registrering av slike arkiv. Vidare vart det løyva til opplysnings- og informasjonsmateriale som kan gjere materielle og immaterielle kulturminne meir tilgjengelege for folk flest.

Viktige historiske utgivingar og lokalhistorie av nasjonal interesse har fått stønad. Norsk Historisk Kjeldeskrift-Institutt fekk m.a. ei løyving på kr 400 000 fordelt over 3 år til å gi ut kjeldemateriale frå kansellet i København om lokale tilhøve i Noreg.

I det heile stør Kulturrådet under denne avsettinga ei rekkje tiltak over eit breitt spekter, tiltak som ofte fell utanfor dei tradisjonelle stønadsordningane på kulturvernområdet.

Samisk kultur

Avsetning 1990: 3,3 mill kr (1989: 3,2 mill kr).
Tallet på søknader: 143, av dei 9 utan søknadssum (1989: 128/11).
Samla søknadssum: kr 9 257 889 (1989: kr 7 118 645).

Norsk kulturråd har ikkje tidlegare fått så mange søknader eller så stor samla søknadssum for samisk kultur.

Midlane vart nytta slik:

Samisk litteratur	kr	1 200 000
Samisk biletkunst og duodji	kr	700 000
Samisk musikk	kr	700 000
Andre tiltak samisk kultur	kr	700 000
Til saman	kr	3 300 000

Det var ikkje gitt førehandstilsegner på 1990-avsettinga.

Rådet styrkte i 1990 den samiske avsettinga med kr 298 710 frå avsettinga «Andre formål». Medrekna kr 184 000 til samiske tiltak på andre avsettingar har rådet i 1990 nytta kr 3 782 710 til samiske kulturformål. I 1990 hadde rådet 122 av dei 143 innkomne søknadene føre, resten er utsette til 1991. For 1991 har rådet i 1990 gitt tilsegner for kr 1 027 560.

Under innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur er dessutan gjendiktingar av fire samiske verk innkjøpte i 1990.

Posten «Andre tiltak samisk kultur» er nytta slik:

Kulturvernprosjekt	kr	318 000
Særskilde bokutgivingar	kr	180 000
Kulturarrangement	kr	162 000
Tiltak for barn og ungdom	kr	86 000
Teaterformål	kr	62 000
Andre formål	kr	65 000
Til saman	kr	873 000

Generelt

I framlegget til statsbudsjett for 1991 seier Kulturdepartementet at Kulturrådets samiske utval og midlane til samiske formål «vil bli vurdert overførte til Sametinget». Norsk kulturråd går inn for at eit samisk kulturråd blir oppretta før funksjonstida for rådets eige faglege utval for samisk kultur går ut 31.12.92.

Samisk kulturliv er i sterk vekst både når det gjeld kvalitet og kvantitet, og ein søker nye mål i arbeidet med å utvikle kulturarven. Det viser søknadene og søknadsmengda Norsk kulturråd fekk i 1990. Fleire samiske miljø legg fram prosjektsøknader, og nye typar tiltak aukar presset på dei økonomiske rammene.

I tillegg søker også dei etablerte samiske institusjonane prosjektstønad, fordi driftsbudsjetta deira ikkje gir rom for nye tiltak.

Nordisk Sameråd var i august vert for World Congress of Indigenous People (WCIP) i Tromsø, ei hending som gav rom for ei brei mønstring av samisk kunst. Norsk kulturråd støtta ei rekke tiltak med til saman kr 400 000 frå avsettinga til samisk kultur.

Samisk litteratur

Konkursen i Davvi Media i januar 1990 seinka utgivinga av samisk litteratur. Forlaget hadde dei siste åra stått for storparten av samisk litteraturproduksjon. Ei arbeidsgruppe reorganiserte forlaget under namnet Davvi Girji O.S, med Karasjok kommune og dei samiske hovudorganisasjonane som viktigaste aksjonærar. Sametinget har gjort sitt til ei slik løysing. Ved konkurransen hadde Davvi Media sytten bøker i produksjon, heilt eller delvis finansierte av Norsk kulturfond. Ein del av desse hadde forlaget overtatt etter konkurransen i eit anna samisk forlag, Jårgalæddji. Tretten av bøkene er ferdige i 1990, resten er venta ferdige i 1991. Det er lite som tyder på at Norsk kulturfond kjem til å tape pengar på konkurransen i Davvi Media. I tillegg har Davvi Media fått tilsegn om stønad til sju nye bokprosjekt som er under arbeid.

Andre norske forlag har i 1990 med vesentleg stønad frå Norsk kulturfond gitt ut fem bøker samisk originallitteratur og ei omsetting til samisk. Forlaga har i tillegg fått tilskott eller tilsegn for 1991 for seks nye bøker samisk originallitteratur og to omsettingar. Alt i alt vart 1990 eit særskilt produktivt år for samisk skjønnlitteratur.



Av posten Samisk litteratur gav rådet stønad til forfattarseminar og samiske litteraturkveldar. Av større tiltak kan nemnast tilskott på kr 250 000 til seks prøvenummer av eit samisk barneblad, utgitt som vedlegg til avisa Sámi Aigi.

Eit nytt tiltak er skolering av samiske litteraturkonsulentar, manusarbeidarar og eventuelt også litteraturkritikarar. På desse områda saknar det samiske miljøet tradisjonar. Problemet vart tydelegare etter at rådets konsulent for samisk litteratur i 1989 sa frå seg stillinga, som har stått open sidan. Forlaga må no nytte laust tilknytte konsulentar til manusarbeid. Kvalitativ vekst innan samisk litteratur krev også ein kvalifisert litteraturkritikk. I 1990 heldt Norsk kulturråd kurs for nordsamiske litteraturarbeidarar, og liknande kurs skal halvast i dei lulesamiske og sørsamiske områda.

Andre planlagde nye oppgåver (jfr årsmeldinga 1989) er utsette, då det alt tidleg i 1990 vart klart at avsettinga til samisk litteratur ikkje ville strekke til.

Samisk biletkunst og duodji
Illustrasjon av samisk litteratur, først

og fremst barnebøker, er støtta med kr 300 000 av denne posten. Frå 1991 vil slike søknader bli overførde til avsettinga «Samisk litteratur».

I 1989 tok Norsk kulturråd initiativ til eit samisk kunstsenter i Karasjok og delfinansierte lokala. Senteret har sidan fått utstyrsstønad og vil framleis trenge slikt tilskott dersom det skal fungere etter målsættinga. Det vart offisielt opna i desember 1990.

Rådet gav også i 1990 stønad til oppbygginga av eit dokumentasjonsarkiv for samisk kunst og kunsthandverk. Likeeins gav rådet stønad til samisk deltaking i det multinasjonale prosjektet «Arts from the Arctic». Prosjektet er delfinansiert av offentlege midlar frå Finland, Sverige og Noreg, og frå Nordisk Sameråd. Også UNESCO/Foundation for the Promotion of Culture gir tilskott.

Innkjøpa av samisk biletkunst og kunsthandverk til eit framtidig samisk kunstgalleri held fram. Register over dei innkjøpa som er støtta med midlar frå Norsk kulturråd, er under arbeid.

Samisk musikk

På området samisk musikk ligg det store uløyste oppgåver. Norsk kulturråds underutval for samisk musikk er saman med den samiske musikkonsulenten einaste faglege instans på feltet. Fleire av dei oppgåvene som i musikklivet elles ligg inn under etablerte institusjonar, vil når det gjeld samisk musikk høyre inn under Kulturrådets ansvarsområde. Men det er venta at Rikskonsertene og Norsk kassettagiftsfond i større grad enn tidlegare støttar samiske konsertar og utgiving av samiske fonogram.

Talet på samiske konsertar og turnear

som fekk stønad frå Norsk kulturfond – dei fleste med relativt låge tilskott – var i 1990 større enn nokon gong.

Sørsamisk musikk har til no vore lite kjend. Rådet finansierer eit stort prosjekt – «Sørsamisk musikk», i regi av Frode Fjellheim. Fonogram er sett i produksjon av forlaget Ibüt.

Rådet har elles støtta innsamling av samiske musikktradisjonar, fagseminar om samisk musikk og forsøk med samisk musikk i Karasjok kommunale musikkskole.

Denne aukande aktiviteten fører med seg ei profesjonalisering av samisk musikkliv.

Andre tiltak samisk kultur

Fleire typer nye tiltak som ikkje fell inn under dei andre postane, har fått stønad her. Det meste av midlane har gått til verdfull faglitteratur om samiske forhold, nybrottsarbeid innan kulturvernet og kulturelle arrangement av ulike slag.

Det er også på dette området rådet har måtta avslå flest søknader. Interessante prosjekt er avviste, av omsyn til budsjetttrammene. Tidlegare har Kulturrådet i samarbeid med Kommunaldepartementet kunna finansiere somme gode prosjekt som ligg på grensa av det rådet har ansvar for. Dette er ikkje lenger mogleg, i og med at departementet ikkje lenger har midlar til søknader om nye samiske kulturtiltak.

Barne- og ungdomskultur

Avsetting 1990: 5,7 mill kr (1989: 5,7 mill kr).
Talet på søknader: 85, av dei 12 utan søknadssum (1989: 67).
Samla søknadssum: kr 10 477 443 (kr 7 651 350).

Midlane vart nytta slik:

Litteratur	kr	280 500
Musikk	kr	704 000
Biletkunst	kr	77 000
Teater	kr	230 000
Dans	kr	285 000
Større utviklingsprosjekt	kr	2 797 500
Informasjonsverksemd	kr	217 700
Skole og kultur	kr	138 400
Andre tiltak	kr	966 700
Til saman	kr	5 696 800

Midlane vart fordelte dels på tiltak etter søknader, dels på tiltak eller prosjekt som Kulturrådet sjølv har tatt initiativ til. Sjå elles liste over einskioldøyvingane bak i rapporten.

Generelt

I arbeidet med barne- og ungdomskultur er det viktig å skilje mellom vaksenproduisert/kultur for barn og unge, og barn og unges eigen kultur. Dette vil seie at det må satsast både på å gi barn og unge tilgang til kulturaktivitetar på ulike område, og dessutan på at det er rom for eigen kreativitet og utfolding.

Eit prinsipielt utgangspunkt for arbeidet med barn og unge er at dei skal handsamast som ein integrert del av samfunnet og at deira interesser og behov så langt råd er skal sikrast innanfor ordningar som gjeld heile folket. Eittersom barn og ungdom er ei gruppe med lita makt til å påverke sin eigen situasjon, er det naudsynt med positiv særhandsaming. På kulturområdet vil dette seie at det blir satsa på særlege kulturtiltak for barn og unge. Samstundes må kulturaktivitetar for vaksne leggjast til rette for at barn kan ta del der det høver.



Det er mykje midlar som trengst innanfor feltet barne- og ungdomskultur. Situasjonen er framleis prega av nedskjeringar på kommunale og fylkeskommunale budsjett, noe som har fått følgjer både for gjennomføring av prosjekt med kommunal/fylkeskommunal medverknad, og for at potensielle søkjarar i det heile vender seg til rådet. Statlege tilskott blir sett på som redninga både for å føre ordinære tiltak vidare og for å sette i gang nye aktivitetar. Stramme økonomiske rammer påverkar truleg både det generelle aktivitetsnivået og opninga for nytenking på sektoran.

Større prøveprosjekt

Kulturrådet har no i gang ei rad større prøveprosjekt innan barne- og ungdomskultur, i hovudsak baserte på utstrakt samarbeid med institusjonar og organisasjonar. Prosjekta tar opp forsømde område og/eller tar sikte på å få meir systematisk røynsle på felt der det har vore stor interesse utanfrå. Fleire av tiltaka har alt gitt verdfull kunnskap om kultur- og fritidstoda for barn og unge.

Større prosjekt som er i gang, er t.d.:
«Levende bilder barn og unge»,
«Journalistikk for barn», forsøk med tilskottsordninga «Prøv Selv»,
«Kunstskeoler for barn og unge»,
«Musikk og innvandrerkultur» og skoleteaterprosjekt i Aust-Agder.

Ungdomskultur

Ut frå ei samla vurdering av arbeidet gjennom den siste perioden har rådet vedtatt å satse på ungdomskultur. Det er m.a. sett i gang eit større utviklingsarbeid, Kulturgivprosjektet, som har som mål å stimulere ungdom til å bli aktive kulturskaparar, og gjennom det utvikle dei kreative evnene deira. Prosjektet skal gå over tre år og femnar om 10 kommunar i tre fylke.

Samarbeid kultur/skolesektoren

Samarbeidet med Grunnskolerådet er ført vidare både gjennom forsøket med kunstskeolar for barn og unge og gjennom arbeidsgruppa for styrking av dei estetiske faga i skolen. Rådet har dessutan engasjert seg på området heilskapsskole/skolefritidsordningar. Det er gitt tilskott til to prosjekt i samarbeid med Utdannings- og forskingsdepartementet og Familie- og forbrukardepartementet, og dessutan


til ei særskild evaluering for å få fram korleis barn ser på ein utvida skoledag.

Formidling

Ved fordeling av midlar til aktuelle prosjekt er det lagt vekt på evaluering og rapportering. Gjennom såkalla kortrapportar om tiltak støtta av Norsk kulturråd er aktuelle røynsler formidla til kommunar og fylke. Hausten 1990 heldt rådet dessutan ein stor konferanse om barnekultur i

samarbeid med Telemark fylkeskommune. Konferansen samla nærare 400 politikarar og administrativt tilsette frå skole- og kultursektoren i heile landet.

I videoverkstaden i Kulturhuset i Namsos jobbar ivrige ungdommar som er med i Kulturrådets prøveprosjekt «Lavende Bilder Barn og unge». (Foto: Atle Sitter/Nord-Trønderen og Namdalen).



Kulturbygg

Avsetting 1990: 10,6 mill kr (1989: 11 mill kr).
Tallet på søknader: 41, av dei 1 utan søknadssum (1989: 38/1).
Samla søknadssum: kr 79 183 000 (1989: 52 000 000).

Midlane til kulturbygg vart nytta slik:

Bergen kommune, rehabilitering av «Permanent»	kr	2 000 000
Stavanger Faste Galleri, nybygg	kr	4 000 000
De Heibergske Samlinger, båtmuseum	kr	500 000
Sigdal og Eggedal Museum, gjenreising av eldre bygg	kr	1 200 000
Toten Museum, innreling av museumslokale	kr	1 000 000
Norsk Bergverksmuseum, tilbygg	kr	400 000
Asker Museum, gjenreising av eldre bygg	kr	1 000 000
Øksnes Museum, nybygg	kr	500 000
Til saman	kr	10 600 000

Alle tildelingane i 1990 var tilsegner frå tidlegare år. Det vart ikkje sett av disposisjonsmidlar til kulturbygg i 1990. Rådet gav heller ikkje nye tilsegner til kulturbygg i 1990. Det er tidlegare gitt ei tilsegn for 1991:

Stavanger Faste Galleri

kr	4 000 000
----	-----------

Frie sceniske grupper (drift)

Avsetting 1990: 11,1 mill kr.
Tallet på søknader: 74.
Samla søknadssum: kr 84 884 871.

Rådet tok tilskottsordninga opp til vurdering utpå året og vedtok at det nå kan søkjast tilskott for inntil tre år om gongen.

Kyrkje- og kulturdepartementets driftstilskottsordning for dei frie sceniske gruppene vart overført til Norsk kulturråd frå 1. januar 1990. Rådet sette av 11,1 mill kr til formålet. Av desse var 3,4 mill kr øyremerkte til dansegruppene.

For fordelinga av 1990-midlane nytta rådet innstillingsutvalet til Kulturdepartementet. Nytt utval vart oppnemnt for fordelinga av 1991-midlane. Sjå elles omtale under kapitlet «Utval oppnemnde av rådet». Liste over tilskotta til dei einsskilte gruppene finst bak i rapporten.

Andre formål

Avsetning 1990: 10 mill kr (1989: 10,3 mill kr).
Tallet på søknader: 255, av dei 38 utan søknadssum (1989: 250/42).
